

# Eit Stavanger for alle!



**ARBEIDSPROGRAM FOR  
STAVANGER SOSIALISTISK VENSTREPARTI  
2019-2023**

<b>Tema:</b>	<b>Side:</b>
<b>Eit Stavanger for alle</b>	<b>4</b>
<b>Kunnskap, utdanning og oppvekst</b>	<b>5</b>
Barnehage	5
Ressurssenteret for styrka barnehagertilbod	5
Framtidsskolen – ein inkluderande fellesskole	6
Ungdom	8
Seksualundervisning	8
Barnevernet	9
Kunnskapsbyen	10
<b>Mindre skilnader – meir fellesskap</b>	<b>12</b>
Omfordeling og eiendomsskatt	12
Oppvekst - kampen mot skilnadene	12
Eit sosialt tryggleiksnett	13
Arbeidsløyse – spesialtiltak for ungdom	13
Barn i familiar med låg inntekt	14
<b>Levekår</b>	<b>15</b>
Førebyggande og helsefremmande tenestetilbod	15
Starten på livet: svangerskap-, fødsels- og barselomsorg	15
Vaksne med ulike hjelpebehov	16
Rusførebyggande arbeid	17
Ein eldrevennleg kommune	18
Butilbod	19
Sjukeheim	20
Heimebaserte tenester	20
Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)	21
Varig tilrettelagt arbeid (VTA)	21
Skjenkepolitikk	21
<b>Samfunnsutvikling</b>	<b>23</b>
Nye Stavanger	23
Frå utbyggar til innbyggar	23
Nytorget	23
Trehusbyen	24
Øyriket	25
<b>Ein rettferdig boligpolitikk</b>	<b>26</b>
Ein god kommune for barnefamiliar	27
<b>Klima og miljø</b>	<b>28</b>
SV vil gjere Stavanger til ein nullutsleppskommune innan 2030	
28	
Rein luft	29
Ein grøn og miljøvennleg kommune	29
Dyrevelferd i Stavanger	30
Fleire skal gå, sykle og reise kollektivt	31
Landbrukskommunen Stavanger	33
<b>Arbeidsliv</b>	<b>35</b>
Stavanger kommune – ein arbeidsgivar som har tillit til sine tilsette	35
Tid, tillit og fridom	36
Arbeid i helsesektoren	37
Stavanger kommune – ein oppdragsgivar som tek ansvar	37

<b>Ein ny næringspolitikk</b>	<b>38</b>
<b>Feminisme og likestilling</b>	<b>41</b>
Fridom frå vald og tvang	41
Regnbogebyen	42
<b>Antirasisme og inkludering</b>	<b>44</b>
Inkluderande arbeidsliv	44
Nulltoleranse mot rasisme	44
<b>Eit rikt kulturliv</b>	<b>46</b>
Studentarsamfunnet Folken	46
Stavanger konserthus	47
Rogaland teater	47
Tou Scene	47
Metropolis	47
Meieriet	47
Otto-huset	48
Domkyrkja	48
Våre middelalderkyrkjer	48
Sølvberget	48
Bibliotek	48
<b>Idrett og friluftsliv</b>	<b>50</b>
Idrett	50
Friluftsliv	51
<b>Internasjonal solidaritet</b>	<b>52</b>
<b>Eit styrka folkestyre</b>	<b>54</b>

## **Eit Stavanger for alle!**

Valet du gjer i september 2019 vil påverke korleis dei fire neste åra blir i Stavanger, men viktigare: Korleis framtida vil bli der du bur. SV sitt løfte til deg er å kjempe for eit samfunn for dei mange, ikkje for dei få. Eit samfunn som sett fellesskapen fyrst, fordi fellesskap fungerer. Eit samfunn som ikkje meiner at kvar og ein er sin eigen "lykkes med", men som sikrar at alle får ta del i velferda. Eit solidarisk samfunn, som tek dei farlege klimaendringane på alvor. Eit samfunn som gjer mest for dei som har minst.

### **Stavanger SV sine hovudsaker er:**

- Kampen mot ulikskap og fattigdom
- Profittfri velferd for å styrke fellesskapen
- Kutt i klimagassutslepp for ein grønare kommune

Stavanger er ein kommune kor dei økonomiske skilnadene mellom folk aukar. Ein kommune kor omrent 3000 ungar veks opp i fattige familiar. Det vil seie 100 skoleklassar. Det kan vi gjere noko med! SV vil at alle ungar skal få ein god barndom. Stavanger kommune tek med barnetrygda som ein del av utrekninga for sosialhjelp, og dermed får dei som har lite frå før enno mindre. Det vil SV ha slutt på.

SV ønskjer at barnehage, skole og eldreomsorg skal driftas av kommunen eller ideelle aktørar, ikkje av kommersielle selskap. Difor vil vi arbeide for profittfri velferd, utan kommersielle aktørar som tek utbytte frå dine skattepengar.

Stavanger skal vere ein blomstrande landbrukskommune, ha eit produktivt næringsliv som skaper grøne arbeidsplassar og gode offentlege tenester nære der folk bur. Vi skal redusere klimagassutsleppa, sikre ei grønare framtid med rein luft og trygge arbeidsplassar.

Saman må vi ta kampen for eit Stavanger kor ingen vert ståande åleine, men kor vi tek vare på kvarandre. Eit Stavanger som bryr seg om dei som har lite. Eit Stavanger kor det er godt å bu, enten vi bur i sjølve byen eller på ei av dei mange øyene.

### **Kort og godt: eit Stavanger for alle!**

Godt val! Stem SV!

*Eirik Faret Sakariassen,  
Ordførarkandidat Stavanger SV*

# Kunnskap, utdanning og oppvekst

## Barnehage – kommunale og ideelle barnehagar framfor kommersielle

SV vil arbeide for at alle nye barnehagar i Stavanger blir oppretta som kommunale eller private, ideelle verksemder. SV ønskjer på sikt å fase ut kommersiell drift av barnehagar i vår kommune.

Talet på barn i ei avdeling er avgjerdande for i kor stor grad barn blir sett, og for kvaliteten på samspelet mellom barn og vaksne. SV vil arbeide for å redusere gruppestørrelsa i barnehagen. Målet er at gruppene i småbarnsavdelingar skal vere maks 12 barn, og maks 18 i storbarnsavdelinger. Vi ønskjer at ei bemanningsnorm (ein vaksen pr. tre barn i småbarnsavdeling, og ein vaksen pr. seks barn i storbarnsavdeling) skal følgjas.

SV vil arbeide for at alle som arbeider i barnehage skal vere faglærte. Barnehjernen sin viktigaste utviklingsfase krev allsidig kompetanse og gode fagfolk. Alle ufaglærte som er tilsette i barnehagar i kommunen skal få tilbod om utdanning.

SV vil arbeide for å auke talet på tilsette i barnehagane. Pedagognorma i barnehagen er viktig, men må finansieras slik at ho ikkje går utover det totale talet på vaksne fang, hender og hovud i barnehagen. SV vil redusere bruken av vikarar gjennom bemanningsbyrå, og etablere ein kommunal vikarpool med faglært personell.

## Ressurssenteret for styrka barnehagetilbod

SV vil styrke arbeidet med psykisk helse ved Ressurssenteret for styrka barnehagetilbod. SV vil fremme arbeidet med "Vil Vite", der femåringar får lære om vold og overgrep, gjennom å delta i samtalegrupper leia av barnehagetilsette. SV vil utvide ordninga med heimebesøk og oppstartssamtale før barnehagestart, som allereie er prøvd ut som prosjekt i Ytre Madla bydel.

### SV vil:

- **motarbeide profitt på barnehagedrift.** Vi vil ha barnehagar som er kommunale eller private, ideelle verksemder for å unngå at våre felles pengar går til aktørar som tener seg rike på barnehagedrift. Barnehagedrift er ei fellesskapsoppgåve og fellesskapet sine pengar skal difor kome barna til gode.
- **redusere barnegruppestørrelsa** ved avdelingane.
- **utvide mulegheita for heimebesøk før barnehagestart** for å sikre betre samarbeid mellom barnehage og heim.
- **utvide opplæring i temaet vald og overgrep** for barnehagebarn, som førebyggande tiltak.

- **styrke arbeidet med psykisk helse** ved Ressurssenteret for styrka barnehagetilbod.
- **at barnehagar skal få vere barnehagar, og at læring skal skje gjennom leik og omsorg.** Barnehagane skal ha stor fridom til å vurdere sjølve kva for metodar som skal brukas.
- **rekryttere og vidareutdanne fleire med pedagogisk kompetanse.** Det skal vere minst 50 prosent barnehagelærarar og 50 prosent barne- og ungdomsarbeidarar i barnehagane.
- **systematisere og styrke etter- og vidareutdanninga av tilsette i barnehagane.**<sup>[SEP]</sup>
- **særleg styrke bemanninga for barn under to år.**
- **satse på språkutvikling i barnehagen.** Legge til rette for gode språkmiljø for barn med språkvanskar, og barn som ikkje kan tilstrekkeleg norsk.<sup>[L1][SEP]</sup>
- **innføre ein ressursfordelingsmodell for barnehagane som tek omsyn til sosioøkonomiske forhold og språkbehov.**
- **stille same krav til lønns- og arbeidsvilkår i private barnehagar som i kommunale.**
- **sikre alle barn i barnehagen god og næringsrik mat kvar dag.**
- **at det som hovudregel skal takast inn vikarar ved fråvær frå dag ein i alle barnehagar.**<sup>[L1][SEP]</sup>
- **ha faste tilsette vikarar i bydelane (vikarpooler).**

## Framtidsskolen – ein inkluderande fellesskole

Vi ser eit skolesystem kor lærarar druknar i kompetansemål og rapportering. SV vil arbeide for å gi læraren fridom, tillit og fleksibilitet til å legge opp undervisninga slik det passar klassen og elevane best. For dei minste barna skjer læring gjennom leik. SV vil arbeide for å få leiken tilbake på første trinn i grunnskolen. Læring skjer også gjennom relasjonar. Det er tilknytninga mellom elev og lærar som i størst grad avgjer kor mykje eleven lærer. Difor er det svært viktig at lærarane ha tid til å bygge gode relasjonar til elevane.

Tidleg og individuell tilrettelegging er heilt avgjerande, både for dei som ligg langt framme i løypa, og dei som heng etter. Tanken om spesialundervisning som noko du skal ut av klassen for å få, må endras. SV vil arbeide for at spesialundervisning betyr tilrettelegging i klasserommet, i fellesskap med klassekameratane dine, med hjelp fra fagpersonar med spesialkompetanse på det som eleven strever med.

SV vil arbeide for å auke talet på vaksne ved skolane våre, både lærarar og miljøpersonale. SV vil arbeide for å auke relasjonskompetansen blant tilsette i Stavangerskolen og auka anerkjenning av kor viktig det er med gode elev-lærer relasjonar.

Samtlege skoler har for liten helsesjukepleiarressurs. Dette vil SV gjere noko med. Vi vil arbeide for full helsesjukepleiardekning kvar dag på alle skolar i vår kommune, både på barneskole, ungdomsskole, og på videregåande trinn.

Heimelekser er ei påkjenning for mange barn. Kor mykje foreldre klarer å følgje opp og hjelpe barna med lekser, varierer sterkt frå familie til familie. SV meiner heimelekser opprettheld og forsterkar sosiale skilnader. SV vil arbeide for at lekser vert gjort på skolen med rettleiing, slik at barna har fri når dei kjem heim. Barn treng tid til leik og fritidsinteresser.

SV vil arbeide for at alle skolar har ein eigen vaktmester. Dette er viktig for godt, løpende vedlikehald av skolebygga, men kan òg ha ein sosial funksjon på skolen.

#### **SV vil:**

- **arbeide for variert leike- og læringstilbod** meir på elevane sine premissar.
- **redusere klassestørrelsa** i grunnskolen.
- **gjennomføre ein tillitsreform i grunnskolen** slik at lærarar får meir tid til direkte kontakt med elevane og bruker mindre tid på byråkrati og rapportering.
- **sikre at det er helsesjukepleiar og sosialfagleg tilsette på alle barneskolar, kvar dag.**
- **auke relasjonskompetansen hjå lærarar og andre tilsette** i grunnskolen.
- **gjennomføre forsøk med utvida skoledag utan heimelekser** i grunnskolen.
- **innføre skolefruktordninga på nytt.** Ernæring og læring heng tett sammen.
- **innføre forsøk med skolefrukost og skolelunsj** på skolar fleire stader i kommunen.
- **sikre betre grunnfinansiering av skolen.** Ha fleire lærarar; sikre SV sin lærarnorm på skolenivå (maksimalt 15 elevar per lærar på fyrste til fjerde trinn, og maks 20 elevar på femte til tiende trinn).
- **tilsette menneske med ulik yrkesbakgrunn i skolen,** til dømes helsesjukepleiarar, miljøterapeutar og meir merkantilt personale. På denne måten får lærarar meir tid til elevane.
- **at alle grunnskolar i Stavanger skal ha eige skolebibliotek.** Skolebiblioteket skal ha tilsett bibliotekar og eit mediebudsjett.<sup>[SEP]</sup>
- **innføre ei felles rabattordning for barnehage og SFO** slik at foreldre med barn begge stader får ein samla syskenrabatt.<sup>[SEP]</sup>
- **sikre elevane i barne- og ungdomsskolen minst ein time fysisk aktivitet kvar dag** innafor eksisterande timetal.
- **stemme mot etablering av kommersielle privatskolar.** Den offentlege fellesskolen er viktig å forsvare.
- **arbeide for eigen vaktmester på kvar skole.**

## **Ungdom**

Ungdom opplever stort press på mange område. SV vil arbeide for ein politikk som gir barn og unge fridom til utvikle seg på sin måte, i sitt tempo. SV vil sikre at dei tre tverrfaglige temaene *livsmeistring og folkehelse, demokrati og medborgarskap og bærekraftig utvikling*, vert fulgt opp i ungdomsskolen, ved at disse vert prioritert i alle fag og at det blir utvikla relevant undervisningsmateriell.

Ungdomsskolealderen kan vere ein vanskeleg fase av livet. Mange elevar slit med därleg sjølvbilete, låg sjølvtillit og psykiske problem. Forsking viser at relasjonen mellom lærer og elev har stor påverknad på elevane sin motivasjon og faglege engasjement, men også på elevane si helse. Vi treng lærarar med kapasitet og kompetanse til å sjå ungdommane våre, og som tilbyr ein positiv vaksenrelasjon.

Tidleg innsats er viktig både når det gjeld å fange opp elevar som treng ekstra oppfølgjing, og for å halde på interessa og motivasjonen hjå dei som presterer høgt. Tidleg innsats kan auke framtidig gjennomføring i videregåande skole. Men satsing på de yngste elevane må ikke gå utover elevene på høgare skoletrinn. Skolen varslar om lågare motivasjon jo høgare i skoleløpet elevene kjem. Særleg er motivasjonen därleg på tiande trinn. SV meiner at ungdomstrinnet må styrkas.<sup>[1]</sup>

### **SV vil:**

- **prøve ut gratis frukost i ungdomsskolen**, og vil arbeide for eit pilotprosjekt knytta til dette.
- **prøve ut seinare skolestart for ungdom**, og vil ha et pilotprosjekt knytta til dette.
- **sikre at helsesjukepleiar og sosialfagleg tilsette er tilstades kvar dag på alle ungdomsskolar.**
- **innføre ei ordning med politisk fråver i ungdomsskolen**, og gå gjennom fråversreglane for å legge til rette for større kulturelt og sportsleg engasjement hjå ungdom.<sup>[2]</sup>
- **gjennomføre forsøk med karakterfri skole.**
- **arbeide for at Ugt Entreprenørskap involveras meir i undervisninga.** Ugt Entreprenørskap gir elevene eit godt grunnlag for å starte eiga verksemد, det gir læring gjennom eiga erfaring, og læring i å ta initiativ og ansvar. Det er i tillegg viktig med god kontakt mellom skolen, næringslivet og lokalsamfunnet.

## **Seksualundervisning**

Det er viktig at barn får kunnskap om god seksualitet, grensesetting og seksuelle overgrep. SV vil arbeide for at barn blir kompetente på å prate om eigen kropp, verdsetje og setje grenser for eigen kropp, og å vise respekt for andre.

### **SV vil:**

- **betre seksualundervisninga både i barneskolen og ungdomsskolen.**
- **vidareutvikle og styrke grensesettingskurs på ungdomsskolen**, der delar av opplegget er kjønnsdelt.

## Barnevernet<sup>[L]</sup><sub>[SEP]</sub>

Alle barn har rett til omsorg og kjærleik. Nokre barn og unge opplever ikkje dette i sine eigne familiar. Barnevernet skal vere ein ressurs for familiene. Vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep mot barn er alvorlege samfunnsproblem. Det er viktig at barn som opplever dette, møter vaksne som ser og hører dei. Barn og unge må bli møtt med ei open og audmjuk haldning, kjærleik og medbestemming.<sup>[L]</sup><sub>[SEP]</sub>

Barn og unge har mykje kunnskap om liva sine, og den kunnskapen kan vere avgjerande for å ta gode avgjersler. I dag er det nokre barn som opplever at dei ikke blir høyrt av barnevernet. Et tettare samarbeid og samhandling mellom barnehage, skole, fritidsarena, ulike tenester og faggrupper, er viktig for at barn og unge skal få hjelp så fort som muleg.<sup>[L]</sup><sub>[SEP]</sub>

Møtet med barnevernet kan være konfliktfylt. Det er problematisk om manglante tillit til barnevernet hindrar folk i å ta kontakt når dei treng hjelp. SV ønskjer gode lågterskeltilbod, der foreldre og barn kan søke hjelp og støtte lenge før omsorgsovertaking er aktuelt.<sup>[L]</sup><sub>[SEP]</sub>

For at barnevernet skal kunne gjere den viktige samfunnsoppgåva dei er sett til, treng dei nok ressursar.

### SV vil:

- **styrke bemanninga i barnevernet.** Barnevernet sin kompetanse innan rus, psykiatri og traume bør aukas.
- **innføre ein norm for kor mange barn** ein tilsett i barnevernet i Stavanger kan ha ansvar for.
- **styrke forståinga av barnevernet si rolle i samfunnet**, slik at fleire får naudsynt hjelp. Det er mellom anna viktig å styrke kommunikasjonen med og informasjonen til ulike minoritetsmiljø.<sup>[L]</sup><sub>[SEP]</sub>
- **ha ei aktiv rekruttering av tilsette med ulik bakgrunn**, for å gjere barnevernet meir representativt. Dette kan også bidra til å auke tilliten til barnevernet.
- **styrke samarbeidet mellom barnevern, helsestasjonar, BUP, PPT, NAV, barnehage og skole slik at barn får riktig tilbod til riktig tid.** Dei ulike tenestane bør i mykje større grad samlokalisera.
- **senke terskelen for å sende bekymringsmelding til barnevernet.** Dette krever auka samarbeid mellom barnevern og skoler, barnehage og andre som har meldeplikt til barnevernet.<sup>[L]</sup><sub>[SEP]</sub>
- **ha betre oppfølgjing av barn i fosterhjem.** Vi må styrke rettleiingstilbodet til

fosterforeldre.

- **ha auka samarbeid med familiane.** Det skal vere tilbod om rettleiing og opplæring til foreldre. Heimebesøksprogrammet *Foreldre for første gang* bør utvidas.
- **sikre høg kvalitet på tolkar som vert brukt i barnevernet.** Barn skal aldri brukas som tolk.
- **arbeide for å redusere talet på personar som barn i sårbare situasjonar må ha kontakt med** i det offentlige systemet.

## Kunnskapsbyen

Stavanger er ein by med gode utdanningsinstitusjonar, både med Universitetet i Stavanger, Handelshøyskolen BI og VID vitenskapelige høgskole. Dei er viktige arbeidsplassar, som bidreg med forsking og utdannar framtidig arbeidskraft. Å styrke desse institusjonane og bidra til at dei kan utvikle seg vidare er viktig for SV og Stavanger. Difor må vi gi et tilbud til studentane som er godt, både innanfor fag- og studentmiljø, bolig, kultur og kollektivtransport. Målet er at dekningsgraden for studentboligar i Stavanger skal være på 20 prosent av studentmassen.

SV ønskjer ein levande campus på Ullandhaug, der det òg er aktivitet på kveldstid. Det er viktig å tilrettelegge for eit aktivt og spennande studentmiljø, som kan tiltrekke seg fleire studentar frå andre delar av landet og verda. Det skal vere kjekt å vere student i Stavanger.

### SV vil:

- **bidra til at kunnskapsbyen blir utvikla vidare**, ved å legge til rette for at institusjonar for høgare utdanning kan halde fram med si gode utvikling og stadig vekse.
- **byggje fleire studentboligar i regionen**, primært på Campus Ullandhaug. Vi vil vere løysingsorienterte for å regulere område til studentboligar. Studentboligbygging skal vere sikra for SiS.
- **styrke kulturtilbodet for studentar**, gjennom Folken og Tappetårnet. SV vil at kommunen freistar å kjøpe og rehabiliter Folken-bygget, for å sikre naudsynt oppgradering for at det framleis skal vere eit attraktivt studenthus.
- **arbeide for å utvide "Studentenes hus".** Bygget er viktig for det studentpolitiske arbeidet, men også for ei lang rekke student- og linjeføreiningar som bidreg til aktivitet og ein betre studiekveldag på UiS.
- **arbeide for gode studentrabattar i regionen.** Studentar har langt svakare økonomi enn mange andre, og gjennom gode studentrabattar kan dei delta aktivt i kulturlivet og nytte underhaldningstilbod. Dette er òg viktig for å motverke einsemd. Arrangement som får kommunal støtte skal ha studentrabattar.

- **arbeide for fleire praksisplassar.** SV vil auke muleheitene for studentar til å få praksisplassar i kommunen, òg for fagområde som ikkje har praksis som ein del av sitt studieløp.
- **arbeide for å styrke kollektivtilboret for studentar.** Den primære reisemåten skal vere kollektivtransport, og da må vi arbeide for å betre tilboret til studentar – både gjennom låg pris, høg frekvens og punktlegskap. Det må òg vere bysykkelstasjonar på campus ved alle studiestadar.
- **støtte etablering av helsehus på Campus Ullandhaug.** Mange studentar slit med psykiske vanskar og det er behov for eit godt helsetilbod nært der studentane held til. Mange har heller ikkje fastlege i kommunen, og treng difor eit lokalt tilbod, som tek vare på både fysisk og psykisk helse. SV vil gi fast økonomisk støtte til drift av studenthelsestasjon i regi av Studentsamskipnaden i Stavanger (SiS).
- **støtte skiping av Stavanger Urban Folkehøgskole** (StUF).

## Mindre skilnader – meir fellesskap

Stavanger har gode føresetnader for at innbyggjarane skal kunne leve gode og meiningsfylte liv. SV ønskjer solidaritet i Stavanger. Meir av ressursane i kommunen må brukas på fellesskap for å sikre at alle kan ta del i velstanda. Sjølv om Stavanger er ein rik kommune, fell mange utanfor. Barnefamiliar er særleg utsette.

**SV vil:**

- **ha full sysselsetting.** Arbeidsløyse er slösing med ressursar. Alle skal ha tilgong til arbeid. Stavanger må kunne tilby arbeid til arbeidslause når arbeidløysa aukar.<sup>[L][SEP]</sup>
- **sørge for eit skikkeleg arbeidsliv for alle.** SV vil nedkjempe svart arbeid, sosial dumping og sikre gode rettar for alle arbeidstakrar.
- **bygge fellesskap.** Gode fellesskapløysingar er til gunst for alle, men mest for dei som har minst. SV vil framleis ha eigendomsskatt for å styrke fellesskapløysingane.<sup>[L][SEP]</sup>
- **ta vare på dei som fell utanfor.** Velferdskommunen skal ha gode tilbod til dei som opplever problem i ulike fasar av livet.
- **vidareutvikle områdesatsingane i Storhaug, Hillevåg og Kvernevik.** Vi ønskjer å setje i gong områdesatsing på Hundvåg.

## Omfordeling og eigendomsskatt<sup>[L][SEP]</sup>

Velferda sikras av skatteinntekter. Eit solidarisk samfunn inneber at dei som har dei sterkeste ryggane tek dei tyngste løfta.<sup>[L][SEP]</sup>

SV ønskjer auka skatt på høge inntekter og redusert skatt på låge inntekter. Stavanger sine skatteinntekter kjem i hovudsak frå kommuneskatt på inntekter. Dei er bestemt av staten sin skattpolitikk. For å skaffe auka handlingsrom for fellesskapen har Stavanger eigendomsskatt. Den er utforma med eit botnfrådrag som skjermar små og rimelege boligar.

**SV vil:**

- **auke eigendomsskatten slik at det blir rom for auka velferd.**
- **arbeide for ein progressiv kommunal eigendomsskatt.** I dag er det kun lov å innføre et botnfrådrag i eigendomsskatten. Det bør veire flere trinn for å skape ei betre fordelingseffekt.
- **arbeide for å ha høgare eigendomsskatt på sekundærbolig.**

## Oppvekst - kampen mot skilnadene<sup>[L][SEP]</sup>

Stavanger skal vere ein god og trygg kommune å vekse opp i. Same kor i kommunen ein bur, og uavhengig av familiebakgrunn, skal alle barn i Stavanger bli sett, høyrt og teke

vare på. I Stavanger skal vi ha gode barnehagar og skolar, ein rettferdig boligmarknad, integrering, mangfald og eit godt barnevern. [SEP]

Dei siste offisielle tala fra SSB slår fast at i Stavanger er det omrent 3000 barn som veks opp i familiar med langvarig låg inntekt. Dette vil seie 100 skoleklasser. Om vi skal lukkas med å skape ein god oppvekst for alle, er vi naudt til ta kampen mot skilnadene.

Om vi ikkje tek kampen mot aukande skilnader, er alternativet at fattigdommen går i arv; ein fattigdom som går i generasjoner og tek i frå menneske trua på at det er muleg å endre livssituasjonen sin.

### Eit sosialt sikkerheitsnett [SEP]

Ein velferdsstat må ha eit sikkerhetsnett som kan fange opp dei som på kort eller lang sikt treng bistand frå fellesskapen. Det er et mål for oss alle å vere så sjølvhjelpe som muleg.

I Stavanger er for mange avhengig av bistand frå NAV og sosialtenesta fordi andre delar av stat eller kommune legg på dei kostnader for grunnleggande tenester. Dette kan til dømes vere aukande barnehageprisar, eigendelar for helsetenester eller SFO-prisar. Dermed vert dei avhengige av supplerande sosialhjelp.

**SV vil:**

- **leggje til grunn at universelle ordningar** gir best organisering av velferdsstaten.
- **bidra til at eigendelar innan helse- og velferdstenester har ein sosial profil.**
- **arbeide for ein sosial boligpolitikk** med husleige i kommunale utleigeboligar på akseptabelt nivå. Kommunen skal ikkje ta ut utbytte frå boligføretaket. [SEP]
- **søke om eit prøveprosjekt der kontantstønad fjernas i utvalde bydelar.** Som kompensasjon for fjerna kontantstønad, skal barnehageplass og SFO vere gratis. SV ønskjer òg sysselsettingstiltak som ein del av dette prosjektet.
- **sikre individuell vurdering og hjelp til menneske som får sosialhjelp.** I nokre tilfeller kan det vere plikt og rett til aktivitet som utgongspunkt for sosialhjelp. Uføre og sjuke skal ikkje ha føresetnader knytta til sosialhjelp eller ytingar.
- **ikkje rekne barnetrygda som inntekt når sosialhjelp reknas ut.** Barnetrygda er eit universelt gode, som ikkje skal føre til kutt i sosialhjelpa.

### Arbeidsløyse – spesialtiltak for ungdom [SEP]

Alle skal kunne leve av si eiga arbeidsinntekt. Det er ein av hovudpilarane for eit rettferdig samfunn. Arbeid er eit gode som gir verdigheit og meinings.

Lønnstilskott og fagopplæring er viktige tiltak for å få folk i arbeid. Tiltaket lønnstilskott betyr delvis finansiering av lønn som langtidsledige eller langtidssjuke kan ta med når

ein søker jobb. Fagopplæring er ei langsiktig investering i unge menneske som har potensielt 30-40 år igjen av eit yrkesaktivt liv. [SEP]

#### **SV vil:**

- **at Stavanger kommune skal arbeide for at staten skal gi alle som ikkje er i arbeid rett til kvalifiseringsprogram** eller tiltak med sikte på ordinært arbeid.
- **at alle som har fullført 2-årig kvalifiseringsprogram/tiltak og fortsatt ikkje er kome i arbeid, skal ha rett til tilbod om ordinært arbeid med lønnstilskott** eller individuell mulegheit for fagutdanning med kvalifiseringsstønad eller lærlingelønn.
- **at NAV lokalt styrkas slik at dei kan prioritere tiltaka fagopplæring og lønnstilskott** i samarbeid med ryddige arbeidsgivarar og videregåande skolar.

#### **Barn i familiar med låg inntekt**

Talet på barn i familiar med låg inntekt har auka kraftig i Stavanger dei siste åra. Dette er ei krise for barna og familiane det gjeld, men òg for kommunen vår som heilskap.

SV vil arbeide for å løfte barn ut av fattigdom, og dei helsemessige og utviklingsmessige utfordringane som ofte kjem som følgje av låg inntekt og høgt levekårsstress. SV vil at helsestasjon, skolehelseteneste, barnehage og skole skal vere så godt bemanna og ha så god kvalitet at dei kan fungere kompenserande for levekårsstresset alt for mange barn i kommunen vår lever med kvar dag.

#### **SV vil:**

- **at barnetrygda takas ut av reknestykket når sosialhjelp reknas ut**, slik at det ikkje kuttas til dei som treng sosialhjelp.
- **arbeide for leksehjelp til alle barn**, i påvente av leksefri skole.
- **arbeide for skolemat til alle barn**.
- **auke talet på gratisplassar ved ferietilbodet Fiks Ferrige Ferie**.
- **arbeide for fleire gratisplassar i barnehage og SFO**, som kan delas ut til familier som treng det på ein effektiv og ubyråkratisk måte.

## **Levekår**

Velferdsstaten er ein føresetnad for å skape eit meir rettferdig og solidarisk samfunn. Gode fellesskapløysingar skal gi menneske fridom, tryggleik og gode levekår uavhengig av eigne økonomiske og sosiale ressursar.

SV vil arbeide for å sikre innbyggjarane i kommunen eit best muleg tenestetilbod gjennom offentleg finansering og styring. Å uthale den offentlege velferda gjennom privatisering vil ramme alle dei som ikkje har råd til å supplere velferdstilbodet med private ordningar.

Eit velferdssystem skal ta omsyn til heile befolkninga. SV vil difor arbeide for eit heilskapleg offentleg tenestetilbod som byggjer på samhandling mellom kommune og spesialisthelseteneste, der folk får hjelp på det behandlingsnivået som er best for kvar og ein. Kommunehelsetenesta skal bidra til å førebygge sjukdom og sikre rask og god hjelp når det er behov. Dei som arbeider i denne tenesta skal vere sikra gode arbeidsforhold og mulegheit til kompetanseutvikling. Det må vere tilstrekkeleg bemanning og sjukepleiekompetanse til å ta vare på kvar einaste pasient. Difor bør det bli utvikla ein minstenorm for bemanning og kompetanse i sjukeheimar og heimetenester basert på helse-og omsorgsbehov til dei enkelte pasientane.

### **Førebyggende og helsefremjande tenestetilbod**

For å redusere sosial ulikskap i helse, må vi satse på universelle, helsefremjande tiltak retta mot barn og unge. Det må leggas til rette for at barn og unge kan utvikle vanar og åtferd som bidreg til god helse, og dei må få stønad i vanskelege livssituasjonar, som til dømes når barn og unge er pårørande til alvorleg sjuke foreldre.

#### **SV vil:**

- **sørgje for at alle får gode og trygge tenester** tilpassa folk sine behov nær der dei bur.
- **sikre gode helseførebyggande tilbod.**
- **legge til rette for friville grupper og organisasjonar som arbeider med helsefremjande arbeid.**

### **Starten på livet: svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg**

Starten på livet er grunnlaget for heile resten av livsløpet. Difor må vi sikre at alle familiarer får god hjelp og stønad frå starten av.

SV tek kampen mot kortare liggetid etter fødsel. Vi meiner at kompenserande tiltak som tidleg heimebesøk kan supplere, men ikkje erstatte å vere på sykehus, med muleghet til å få hjelp døgnet rundt.

Det manglar jordmødre i regionen. SV har på Stortinget fått fleirtal for å opprette jordmorutdanning ved UiS. Det er viktig at jordmødrene som vert utdanna i vår region blir verande. SV vil auke talet på jordmorstillingar i kommunen, med mål om at alle nyfødte skal få tidleg heimebesøk av jordmor. SV vil opprette gode, kommunale stipendordningar for å få fleire til å vidareutdanne seg til å bli jordmor.

Helsestasjonstenesta er barna si viktigaste rettsikkerheit det fyrste leveåret. Ingen annan instans kjenner så godt til korleis spedbarna i Stavanger har det og utviklar seg. Nesten alle barn i Stavanger møter jamnleg til konsultasjonar på helsestasjonen det fyrste leveåret. SV støttar arbeidet for at konsultasjonar ved helsestasjonen skal bli obligatorisk.

Helsestasjonstenesta er underbemannata, og tidspress i en slik teneste kan gjere at viktige spørsmål ikkje blir stilt, alvorlege tema ikkje blir tatt opp og vidare at skadelege oppvekstvilkår ikkje blir avdekkta.

Grunna dårlig økonomi har enkelte konsultasjonar ved nokre helsestasjonar blitt hoppa over, og individuelle konsultasjoner har blitt erstatta med gruppekonsultasjonar. SV er uroa for dette. Vi vil styrke helsestasjonstenesta, og støtte opp om arbeidet for at helsestasjonen skal bli ein endå tydelegare instans i arbeidet for å førebygge, avdekke og avverge vald og overgrep mot små barn.

For ein del foreldre med barn med alvorleg sjukdom/funksjonsnedsetting er det vanskeleg å få den hjelpa dei treng. Tenestetilbodet er fragmentert, og mange bruker mykje tid på å «slåss mot systemet». Slik kan vi ikkje ha det. Helsestasjonen er den viktigaste møteplassen for foreldre til småbarn, og helsestasjonen kan saman med andre delar av det kommunale tilbodet, tilby desse foreldra den hjelpa dei treng.

#### **SV vil:**

- **auke talet på jordmødre i kommunen** slik at alle gravide får oppfølgjing av jordmor, og retningslinene for tidleg hjemmebesøk vert følgt.
- **auke talet på helsesjukepleiarar ved helsestasjonen.**
- **arbeide for fleire heimebesøk av jordmor/helsesjukepleiar.**
- **betre tilbodet om ammehjelp i kommunen**, som motvekt til synkande ammerate i befolkninga.
- **SV vil arbeide for eit bedre koordinert tenestetilbod til foreldre med barn med alvorleg sjukdom/funksjonsnedsetting** slik at desse skal sleppe å måtte slåss for eit naudsynt tenestetilbod

#### **Vaksne med ulike hjelpebehov**

I kommunen vår er det vaksne med ulike hjelpebehov. Tenestetilbodet kommunen gir spenner frå psykisk helsevern, rusomsorg og tenester til menneske med nedsatt

funksjonsevne. SV ønskjer at dei som tek imot tenester skal møte tilsette som ser kvar enkelt sine behov og sikrar medbestemming i hjelpa dei får. Borgermedverknad er et bærande prinsipp i utviklinga av desse tenesteområda.

Menneske med psykisk utviklingshemming har som alle andre rett til arbeid, fritidsaktivitetar og bolig der dei sjølve ønskjer å bu. Dei har rett til å velje kva dei skal vere med på og korleis dei skal leve sine liv. Mange opplever at dei ikkje får gå på dei aktivitetane dei ønskjer fordi det ikkje er personale som kan følgje dei. SV vil arbeide for eit godt tenestetilbod der kvar enkelt får leve sitt liv slik ein sjølv ønskjer.

#### **SV vil:**

- **sørge for at det er god samhandling mellom sjukehus og det kommunale tenestetilbodet**, slik at det er eit godt mottakarapparat når pasientar blir skrive ut frå sjukehuset.
- **sikre at buarane sin ulike kulturbakgrunn blir teke vare på i institusjonane.**
- **sikre at menneske med psykisk utviklingshemming får eit tilbod som er tilpassa deira behov**, slik at dei får arbeid og fritid som gir dei god livskvalitet.
- **etablere eigne tilbod for eldre med psykisk utviklingshemming.**

#### **Rusførebyggande arbeid**

SV vil styrke innsatsen mot rusavhengnad. Førebygging av rusavhengnad dreier seg om meir enn ruspolitikk åleine, og den viktigaste førebygginga blir gjort om vi sikrar barn og unge ein god oppvekst og styrkar innsatsen for betre psykisk helse.

Høg sysselsetting, ein tilgjengeleg bustadmarknad og alt som kan betre den enkelte sin livskvalitet, er faktorar som kan avgrense omfanget av rusavhengnad. Vi treng både gode handsamingsmetodar, samt skadereduserande og livreddande tiltak. Arbeid, utdanning eller annan meiningsfylt aktivitet og ein god busituasjon kan i seg sjølv vere god handsaming. Mange vil likevel aldri bli heilt rusfrie. Rusomsorg handlar også om å betre helsetilstanden for dei mest utsette gruppene slik at dei er betre rusta til å bli kvitt rusavhengnaden.

Alle menneske med rusproblem må få eit raskt tilbod om avrusing eller handsaming, oppfølging og rehabilitering. Samhandlinga mellom ulike tenesteområde må styrkast slik at tilbodet blir betre. Menneske med rusproblem må få ei tett og individuelt tilpassa oppfølging. SV meiner at tilbodet også må innehalde auka satsing på medikamentfrie tilbod, legemiddelassistert rehabilitering og tilrettelagt bustad.

Også menneske med rusproblem må sikrast verdighet og hjelp, for eksempel gjennom ulike lågterskeltilbod, møtestadar, arbeid, aktivitetstilbod og andre skadeavgrensande tiltak. Brukarmedverknad er viktig for at kvaliteten på tenestene skal bli best mogeleg, og pårørande må sikrast hjelp og rettleiing.

## SV vil:

- **sikre tryggleik for helse.** Alle treng ein god stad å bu. Stabilitet i livet kan gi tryggleik som skal til for at rushandsaming skal lukkast, og for at livet skal bli betre. Vi vil vidareføre og utvide bustadprogrammet Housing First.
- **flytte rusavdelinga på Stokka sjukeheim til eit eige og egsna bygg.** Det er eit unikt og flott tilbod til dei som treng denne type butilbod, og må haldast ved like.
- **iverksetje tiltak for å hindre spreing av rusmidlar i ungdomsmiljø.** Samarbeid mellom skole, politi og uteseksjon må styrkast.
- **ha stadar for brukarar som fungerer.** SV er for sprøyterom. Skadereduksjon og helse skal styre tilboden.
- **lage handsamingstilbod som er tilgjengelege.** Det er viktig at tilbod om avrusing eller handsaming er tilgjengeleg for folk. Også i rusomsorga må det satsas på fleire brukarstyrte plassar der folk kan skrive seg inn sjølve.
- **sikre at kunnskap om traumesensitiv omsorg og konsekvensar av vald, overgrep og omsorgssvikt i større grad blir integrert i førebygging og handsaming av psykiske problem.** Dette vil også kunne bidra til å førebygge tvangsbuk i psykisk helsevern og rusomsorg.
- **ha ein full gjennomgang av den legemiddelassisterte rehabiliteringa (LAR),** for å sikre at den sosialfaglege hjelpa blir sterke, og for å gjere programmet meir fleksibel og opent for dei som brukar det. LAR må arbeide sterke for å hjelpe folk til å koma seg ut av programmet.
- **ha fleire langsiktige program for å koma ut av rus.** Det må i større grad vere mogeleg å delta i langvarige program, som også følger opp så lenge det er nødvendig etter behandling. Ettervern må alltid være ein del av handsaminga, og må inkluderast i dei tilfella private er ansvarleg.
- **styrke innsatsen med skadereduserande tiltak,** som utdeling av brukarutstyr og mogelegheiter for å få testa rusmidlane for skadeleg innhald.
- **sikre nok helsearbeidarar og at alle har tilstrekkeleg kompetanse på rusrelaterte utfordringar.**

## Ein eldrevnleg kommune

Presset på tenestetilboden til eldre vil auke i framtida. Det aukande talet på eldre vil krevje meir av tenestene i kommunen. Samhandlingsreforma legg også fleire oppgåver til kommunen, noko som skaper utfordringar når det gjeld organisering av og kompetansen i tenesteområda samt ressurstilgangen.

Eldre og menneske med funksjonsavgrensingar skal trivast i kommunen og leve aktive liv i samsvar med sine interesser. Ingen skal oppleve diskriminering på grunn av alder, kjønn, funksjonshemmning, etnisk bakgrunn eller seksuell orientering. Stavanger skal ha varierte bummogelegheiter, tilgang til stimulerande byrom, kultur, friluftsliv og møteplassar. Dei eldre sine ressursar er til nytte i samfunnet gjennom eigen meistring,

friviljugheit og generasjonsmøter. Forskjell i levekår skal reduserast gjennom at tenester og omsorg til dei som treng det mest, blir styrka. Alle tenestene skal baserast på gode relasjonar, tillit og kunnskap om funksjonsavgrensingar og alderdom.

Stavanger vil i åra framover få ein aukande del eldre menneske. Dei fleste er friske og aktive lenger, og mange er ein viktig ressurs i samfunnet gjennom viktig friviljug innsats. Å bu i eigen heim, vere sjølvstendig, høyre til sosialt og mestre kvardagen er viktig for å ha eit meiningsfullt liv.

Det må utviklast ein opptrappingsplan for tenestene basert på ei auke av eldre innbyggjarar.

Det må være eit verdig tilbod for døyande i kommunen. Døyande og deira pårørande skal ha rett til ein individuell tiltaksplan. Kommunen må etablere et palliativt team.

## **Butilbod**

Mange bustadar i Stavanger er dårlig eigna for eldre og menneske med funksjonsavgrensingar. Isolasjon og einsemd er utbredt mellom eldre når nettverket blir redusert, og det er probleme med å koma seg ut av bustaden eller vanskelig å nytte kollektivtransport. Mangel på digital kompetanse kan også skape nye barrierar og gjere kvardagen vanskeleg.

### **SV vil:**

- **sørge for at det finst dagsenter og gode møteplassar for eldre i alle kommunedelane.**
- **lege til rette for at eldre kan å bu heime og oppretthalde eit aktivt og sjølvstendig liv** ved å styrke tiltak i og rundt heimen. SV vil fortsetje det gode arbeidet med «*Leve hele livet*».
- **styrke samarbeidet med friviljuge organisasjonar** for å skape eit større mangfold av tilbod for å motverke einsemd og isolasjon.
- **aktivt bidra til bygging av alternative butilbod, eldrekollektiv og fleirgenerasjonsbustadar** gjennom å legge til rette tomter, stille krav til utbyggjarar og bidra med prosessrettleiing for private initiativ.
- **bygge nye omsorgsinstitusjonar/bustadar** for folk i ulike aldrar og livssituasjonar som skaper møteplassar og fremjar kontakt mellom innbyggjarane i nærmiljøet.
- **følge opp planen for universell utforming med konkret handling.**
- **sørge for trygge vintervegar og fortau, og legge til rette for kollektivtransport**, samt at avstanden mellom kollektivhaldeplassar ikkje skal bli færre.
- **utvikle møteplassar, lokale eldresenter med ulik profil og ein kulturpolitikk for eldre** som fremjar integrering og tek omsyn til dei ulike

minoritetsgruppene sine behov. Auke den kommunale støtta til tiltak som senioruniversitet, konsertar og liknande.

- **arbeide for eit demensvenleg lokalsamfunn.**

## Sjukeheim

Når helsa sviktar, skal det offentlege stille opp. Det betyr også sjukeheimspllassar for dei som ikkje lenger kan bu heime. Stavanger kommune manglar sjukeheimspllassar. Dette er orsaka til at mange står i sjukeheimskø. Denne utviklinga vil vi snu. Kommunen må sikre sjukeheimspllassar til dei som har behov, og derfor vil SV starte arbeidet med å bygge nye sjukeheimar.

SV vil gå vekk fra aktivitetsbasert inntektssystem (ABI) og heller auke grunnbemanninga. I tillegg vil vi gå bort fra bestiller-/utfører-modellen som vi har i dag. Begge systema er basert på kontroll og mistillit, framfor tillit til fagleg kompetanse.

### SV vil:

- **bygge nye sjukeheimar** slik at alle har mogelegheit til å få plass når dei treng. «Leve hele livet» er eit viktig program, men skal ikkje vere til hinder for å få sjukeheimspllass når det er behov for det.
- **auke grunnbemanninga og sikre nok helsepersonell på sjukeheimane**, slik at tilsette har betre tid til kvar enkelt som bur der.
- **auke talet på legetimar i sjukeheimane.**
- **etablere skjerma avdelingar på alle sjukeheimar**, og sikre at dei som bur der får eit tilbod med god kvalitet.
- **legge til rette for at pleietrengande par** som ønsker det kan dele alderdommen på institusjon.
- **auke kunnskapen om og bruken av ikkje-medikamentell handsaming**, som sansehagar, musikk og kontakt med dyr.

## Heimebaserte tenester

God heimehjelp er viktig, slik at folk kan bu heime så lenge dei ønsker det. Da skal pleiaren ha tid og tillit nok til å sjå den han skal hjelpe i augo, framfor å måtte kikke på klokka. SV har fått gjennomslag for eit prøveprosjekt med friare fagleg kunnskap og redusert byråkrati i heimebaserte tenester på Tasta og Eiganes. Vi kallar det ein tillitsreform. Kommunen skal ha tillit til dei tilsette sin faglege kompetanse, og gi innbyggjarane gode helsetenester. Det får vi betre til gjennom tillit, i staden for målstyring og unødvendig kontroll.

### SV vil:

- **auke talet på timar med heimehjelp** for kvar brukar.
- **gå bort frå bestiller-/utførermodell** som vi har i dag. Vi ønsker å basere tilbodet på tillit og fagleg kompetanse.

- **utvide tillitsreforma SV har fått gjennomslag for i Tasta og Eiganes bydel.**  
Dette skal utvidast til alle kommunedelar.

### **Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)**

Brukarstyrt personleg assistanse er ei ordning der menneske som har fått innvilga praktisk bistand frå kommunen dei bur i får rett til å styre kven som skal assistere med kva, kvar, når og korleis. Eit likestilt samfunn gir alle menneske likeverdige mogelegeheiter. Mange med nedsett funksjonsevne treng praktisk bistand for å ta i bruk den fridommen andre tek for gitt. Brukarstyrt personleg assistanse gir folk med nedsett funksjonsevne mogelegheit til å ta kontrollen over eige liv.

#### **SV vil:**

- **sikre auka timetal med brukarstyrt personleg assistanse** slik at dei som har fått innvilga dette får nytte tilbodet slik de sjølve har behov for.
- **foreslå at kommunen etablerer BPA-ordning** i eigen regi.

### **Varig tilrettelagt arbeid (VTA)**

For SV er det viktig at så mange som mogeleg må få delta i arbeidslivet med det det inneber av plikter, rettar og stoltheit. Derfor går vi inn for å opprette fleire nye VTA-plassar i verksemder som ligg under kommunen som Attende og Allservice.

### **Skjenkjepolitikk**

SV vil føre en skjenkjepolitikk som er ansvarlig, som bidreg til eit sentrum med liv, gode opplevelingar og auka tryggleik. Byen skal vere ein trygg og triveleg stad for alle også om kvelden og natta. SV vil basere skjenkjepolitikken på faglege vurderingar frå politiet som er knytt til mellom anna skjenkjetid. Vi ønsker å ha god dialog med utelivsaktørane i byen, og vil bidra til føreseielege vilkår for både desse og innbyggjarane elles i kommunen.

#### **SV vil:**

- **avgrense omfanget av skjenking** gjennom ein restriktiv skjenkjepolitikk, spesielt med tanke på brennevinsservering.
- **at Stavanger kommune stiller krav til at alle nye skjenkjestadar er universelt utforma** før det blir innvilga skjenkjeløyve.
- **styrke skjenkjekontrollen**, for å sikre ein god arbeidskvardag for tilsette på serveringsstadar, unngå overskjenjing og fremje eit trygt og godt uteliv.
- **ha kraftige reaksjonar på brot på skjenkjereglane** og butikksal av alkohol til ungdom under 18 år.
- **tilby unge fleire rusfrie arena**. Gjennom å bidra til at det blir oppretta rusfrie, uformelle møtestadar for ungdom i sentrum kan vi tilby unge arena utan alkohol.

- **støtte rusfrie arrangement.**
- **sikre alkoholfrie arena for alle**, ved å gå imot at det blir gitt skjenkjeløyve ved kinoen, idrettsarenaer og andre arrangement der ein stor del av publikum er familiar eller ungdom under 18 år.
- **fremme kunnskap knytt til alkoholbruk**, ved at Stavanger kommune skal bli ein av-og-til-kommune på eigne arrangement.
- **seie nei til strippeklubar** og liknande. SV vil gå i mot at det blir gitt skjenkjeløyve til utestadar med stripping som ein del av driftskonseptet eller underhaldningstilbodet.

## **Samfunnsutvikling**

### **Nye Stavanger – ein liten storby, ein stor småby, mange landfaste og ikkje-landfaste øyer**

Byen er til for menneska. Byen er ei praktisk løysning, ikkje eit problem. Tettstadar er ei anna løysning og ikkje-landfaste øyer med få innbyggjarar er ei tredje løysning for å leve et godt liv.

Fordelen med å bu i by er openberre: På eit relativt lite område finst det eit tilbod der alle kan få dekt sitt behov. Det er lett å møte andre menneske, og samhandlinga mellom menneske fører til nye idear og positiv utvikling.

Fordelane med å bu på landet er like openberre: Ein vaknar ikkje til lukta av eksos og lyden av bilar, men til frisk luft og lyden av fuglesong. Det er lett å oppsøke naturen. Det er færre menneske, men likevel lett å møte andre – er vi få er det meir naturleg at vi søker fellesskap med kvarandre.

Gode offentlege tenester, god samferdsel og infrastruktur, moglegheit for arbeid og inntekt i alle delar av Stavanger kommune er ein føresetnad for nye idear og positiv utvikling.

### **Frå utbyggjar til innbyggjar**

Bustad, arbeid, skole, transport, natur og kultur dannar ei ramme rundt daglelivet og påverkar korleis vi har det. Kommunen skal ha ei langsiktig planlegging med stor vekt på miljøvenlege løysningar. Det er innbyggjarane sine behov og ikkje profitten til enkeltpersonar som skal styre korleis vi utviklar kommunen vår. Det skal vere godt å bu og arbeide i heile Stavanger. Kommunen skal vere lagt til rette slik at alle, uavhengig av funksjonsevne og bustad, skal kunne ta del i alle sider av livet og nyte godt av offentlege tenester.

SV vil vurdere reguleringsplanar og samfunnsutviklingssaker etter følgjande prinsipp: Vi vil arbeide hardt for fortetting der dette er naturleg og med nærleik til kollektivtilbodet. Vi vil redusere talet på parkeringsplassar i sentrale byområde, og jordvern vil vere eit prinsipp som står sterkt. Trehus skal vernast frå riving.

### **Nytorget**

SV vil at øvre del av Nytorget blir gjort om til park med grøntområde, leikeapparat og sitteplassar. Parkeringsplassane som er der i dag blir fjerna, og det blir lagt til rette for utandørs scene framfor Metropolis. Sykkelparkeringa på Nytorget blir rusta opp med ambisjon om å bli ein gratis, trygg og god hovudparkering for sykkel i sentrum. Gata frå

St. Petri-kirken, Nytorget og Pedersgata fram til Langgata blir stengt for trafikk. Det blir lagt til rette for utandørs servering og aktivitetssone i dette området, der også brukmarknaden kan vere laurdagar i sommarhalvåret. SV vil at jugendmuren blir verna, og trehus verna, restaurert og bli brukt av allmuen.

#### SV vil:

- **rive parkeringshuset på Jorenholmen og lage bydelshus for sentrum** med park på taket. SV ønskjer ein aktiv førsteetasje med publikumsretta funksjonar. Vi ønskjer også gjestehamn i dette området.
- **sikre tomta for biloppstillingsplassen til Tau-ferja i offentleg eie**, støtte plassering av nytt domstolsbygg på denne tomta, men også bruke tomta til andre viktige offentlege formål.
- **gå imot utbygging av nytt kontorbygg på Nytorget**, som vil fordrive Metropolis og endre planane for park, friområde og utandørs scene på Nytorget.
- **fortsetje å kjempe mot brannstasjon i Lervig**. SV tek nabolaget og Storhaug på alvor, og vil arbeide for ein park til glede for området.
- **at områdeplanar og reguleringsplanar må ha reell medverknad frå innbyggjarane** gjennom plansmier og forslag.<sup>[L]</sup>
- **sikre leikeplassar for barn.**<sup>[SEP]</sup>
- **arbeide for betre tilrettelegging for dei funksjonshemma slik at dei skal koma seg fram.**<sup>[SEP]</sup>
- **setje ut fleire benkar for kvile- og møteplassar.**<sup>[L]</sup> SV vil ta vare på parker og grøntområder.
- **halde levande kolonihagar, parsellhagar og skolehagar.**
- **at Stavanger skal kunne takle store nedbørsmengder** utan omfattande materielle skadar eller forureining. Avløpssystemet må vere tilpassa, bekkar må opnast for å naturlig leie vatn og nye vasspeil må etablerast.<sup>[L]</sup>

#### Trehusbyen

Trehusbyen er ein viktig del av historia og identiteten vår. Med sine unike hus og område er trehusbyen både av lokal, nasjonal og internasjonal tyding. Forvaltninga av dette medfører eit stort ansvar for Stavanger kommune, da inngrep i trehusbyen gjer at viktige kulturhistoriske verdiar er tapt for all framtid.

#### SV vil:

- **ta vare på og vidareutvikle trehusbyen**, mellom anna ved å etablere ei tilskotsordning for eigarar som vil tilbakeføre husa til opphavleg tilstand.
- **sørge for at prinsippa i «Retningslinjer for trehusbyen» blir følgt**, og motarbeide at aktørar med profitmotiv kan omgå desse.
- **at kommunen skal drive forsvarleg vedlikehald av eigne trehus.**
- **Auke tryggleiken mot brann i trehusbyen**, særleg Gamle Stavanger, gjennom bruk av moderne brannslokkingasanlegg.

## **Øyriket**

For å leggje til rette for gode levekår i heile kommunen vil SV kjempe for gode tenester nært folk. Kommunikasjon, næringsliv og kultur i alle delar av kommunen er viktig. SV vil arbeide for at folk i ulike delar av kommunen får vere stolte av den lokale identitet, samtidig som vi vil utvikle ein felles Stavanger-identitet, prega av sjenerøsitet, inkludering og solidaritet.

### **SV vil:**

- **at alle innbyggjarane får gode offentlege tenester i kommunen.** Dei skal sikrast grunnleggjande velferd som primærhelseteneste, barnehage og skole i nærmiljøet.
- **støtte opp under og leggje til rette for landbruk og andre næringsvegar** som held liv i busetnad på øyene og som tek vare på natur- og kulturlandskap.

## **Ein rettferdig bustadpolitikk**

Alle menneske har rett til ein trygg stad å bu. SV vil fremme ein bustadpolitikk som gjer denne retten reell. Folk skal ha tak over hovudet utan gjeld opp til taket. SV arbeider for ein rettferdig bustadpolitikk som motverkar fattigdom, slik at også dei som har låg inntekt og/eller manglar eigenkapital skal ha moglegheit til å kjøpe eller leige bustad til levelege priser.

SV vil auke bustadbygginga i kommunen, samtidig som vi vernar matjord og grøne lunger. Bustad er eit politisk ansvar. Det offentlege skal engasjere seg for å bygge meir, bygge med sosial profil, og planlegge bustad- og samfunnsutvikling i eit langsiktig perspektiv.

For å motverke stadig aukande bustadprisar, må det bli brukt verkemidlar som aukar nybygging, og dempar prisane. SV vil bruke tomtepolitikken til å gjere bustadane billigare. SV vil at kommunen skal tilby rimelege utleigebustadar til vanlege folk. Det skal skje ved at kommunen stiller tomter til disposisjon for interesserte aktørar, så sant dei godtek å bygge og drive utleigebustadane til sjølvkost. Desse bustadane skal vere tilgjengelege for alle.

Samstundes som vi vil bygge fleire bustader, vil vi verne matjord. Dette er to omsyn som det er avgjerande å balansere på ein god måte. Vi har inga matjord å miste, derfor treng vi grundig arealplanlegging slik at denne typen interessekonfliktar kan bli unngått. SV vil bygge bustadar som samsvarer med folk sitt behov, og som vanlege folk har råd til å kjøpe. Vi vil ha bustadar som passer for barnefamiliar, også i sentrumsnære område.

Vi vil setje i verk eit bustadbyggeprogram som er basert på kunnskap og fakta frå spørjeundersøkingar og behovsvurderingar. Bustadpolitikken må bli løfta vekk frå bustadspekulantane og tilbake til kommunen under folkevald kontroll.

SV sin bustadpolitikk inneheld mellom anna å skape eit ikkje-kommersielt bustadtilbod som alternativ til den kommersielle bustadmarknaden. Bustad til overkommelege prisar er eit viktig verkty i kampen mot skilnadane i Stavanger. Den sterke veksten i bustadprisar gjer det vanskeleg å sikre at folk med normal inntekt får råd til å bu. Auka innbyggjartal i åra framover gjer at det er naudsynt med ei endring i bustadpolitikken.

Gjennom mange tiår med feilslått bustadpolitikk, har bustadprisane vorten så høge at mange ikkje kan busette seg i kommunen. Med dette kan Stavanger kommune som arbeidsgjevar, mista mange gode arbeidstakrar, noko som vil vere negativt i samfunnssamanhang .

Bustadmarknaden treng eit mangfoldig utval av bustadar:

- allmenn-bustadar
- leie-til-eie-bustadar
- kollektiv busetnad

**SV vil:**

- **styrke bygginga av ikkje-kommersielle bustadar.**
- **bygge utleigebustadar** som eit alternativ for dei som ikkje vil eller kan kjøpe.
- **auke talet på kommunale bustadar gjennom nybygg og oppkjøp over heile kommunen.**
- **arbeide for at det blir etablert insentiv- og støtteordningar** som gjer det mogeleg å skaffe gode bustadar for menneske med låg inntekt.
- **endre kommunen sin bustadpolitikk** slik at vanskelegstilte lettare kan få bustad.
- **ikkje gi løyve til bygging av fleire små einingar i bydelar der det alt er mange av dette slaget**, som i Storhaug bydel.
- **forby oppdeling av familiebustadar** (seksjonering) i sentrumsnære bydelar.
- **sørge for gode møteplassar** i heile kommunen.
- **bidra til billigare utbygging av studentbustadar** gjennom å gi gratis tomter til Studentsamskipnaden i Stavanger. Det vil også vere aktuelt å forskottere studentbustadar, om det ikkje blir gitt tilskot til heile bustadprosjekt.
- **at kommunen bygger bustadar for utleige.** Formålet er at fleire skal kunne leie sikkert over lengre tid og til regulerte prisar. Dette vil gjere at leie kan være meir føreseieleg enn i dag.
- **at det blir prioritert naudsynte tiltak for å sikre at eldre og menneske med funksjonsnedsetjing kan fortsette å bu heime.** Dette inneber mellom anna økonomisk støtte der det er naudsynt med installasjon av heis. For dei som ikkje kan bu heime, må det kunne bli gitt tilbod i omsorgsbustadar.

**Ein god kommune for barnefamiliar**

Ein kommune der barn, unge og foreldre trivast er eit godt sted å bu. SV vil at Stavanger fortsatt skal være ein kommune der det er godt å vekse opp. Statistikken viser at mange barnefamiliar har flytta ut av Stavanger dei siste åra, gjerne til nabokommunane.

SV vil endre kommunen sin bustadpolitikk slik at familiar med barn finn oppvekstmiljø med gode kvalitetar og eigenskapar, også i sentrumsnære område. Stavanger må tilby bustadar som er store nok, slik at det ikkje blir naudsynt å flytte når ein får barn. Uteareal må være direkte knytt til bustadane, ha tilstrekkeleg storleik og vere skjerma mot vind, trafikk, støy og ha gode solforhold. Egna område for leik og rekreasjon må finnes i nærleiken av bustadane. Det må være tilbod om barnehage i nær avstand til bustaden, og skole i trafikksikker gangavstand eller tilbod om skoleskyss.

## Klima og miljø

Innan 2030 skal målet vere at Stavanger skal ha kutta direkte utslepp av klimagassar til eit minimum. Stavangerlufta skal vere rein. Naturmangfaldet i og rundt kommunen vår skal sikrast. Vårt bidrag til avfallsproblema skal vere sterkt reduserte.

Klimarettferd betyr at land som Norge må vere leiande i å bygge samfunn som går for nullutslepp. Stavanger skal vere i front, også internasjonalt. SV meiner dessutan at grøne løysingar kan bidra til ein triveligare kommune med ein betre kvardag for folk.

Forbruket vårt av fossil energi trugar økosistema og mattrygggleiken. Menneskelege inngrep og forsøpling av naturen trugar mangfaldet av plantar og dyr, og dermed sjølve livsgrunnlaget vårt.

Der Stavanger lenge har handtert veksten i folketalet knytt til oljeindustrien, vil kommunesamslåinga skape nye mogelegheiter. Det er viktig for SV at utviklinga av den nye kommunen skjer gjennom berekraftige løysingar. Store avstandar bør løysast med kollektivtransport. Det er viktig for å sikre at folk kjem seg fram og bidra til mindre utslipp og forureining.

### **SV vil gjere Stavanger til ein nullutsleppskommune innan 2030**

Stavanger bør vere leiande i verden i å endre forbruk og kutte utslepp av klimagassar på ein måte som samstundes bidreg til ein trivelegare kommune å bu i. Dette inneber at trafikk, utbygging og aktivitet må bli fossilfri og bruke minst mogeleg energi og naturressursar. Materiell må resirkulerast og brukast om igjen, og energi produserast, brukast om igjen og fordelast smart. Teknologisk utvikling kan bidra til at Stavanger blir ein klimavenleg kommune.

#### **SV vil:**

- **at Stavanger skal redusere klimagassutsleppa med 95 prosent innan 2030** samanlikna med 2015-nivå.
- **innføre klimabudsjett som eit verkty for å styre utslippsmåla.** Det må omfatte både kommunen si eiga verksemrd, staten og private.
- **at bygningsmassen i kommunen skal siktast mot plusshus-standard** når dei rehabiliterast, og alle byggeprosjekt skal være tilpassa tanken om sirkulær økonomi. Både energibruk og utslepp i bygging, materialbruk, installasjonar, drift gjennom vedlikehald, transport og energibruk, samt riving og avfall skal vere med i rekneskapen.
- **stimulere til fornybar energiproduksjon lokalt.** Det framtidige energibehovet må verta sikra gjennom energisparing og utbygging av fornybar energi.
- **setje krav om grøne tak og fasadar.** Grøne område og vegetasjon bidreg til betre luft og hindrar avrenning av overvatn.

- **påleggje bruk av landstrøm** for alle større skip i Stavanger hamn.
- **innføre cruiseavgift**, som skal brukast til å gjere lokale miljøtiltak.

## Rein luft

Ingen skal måtte døy eller bli alvorleg sjuk som følgje av luftforureining i byen vår.

Vi lærer stadig meir om dei dramatiske helsekonsekvensane av luftforureining.

Luftforureininga rammar særleg personar med luftvegs- og hjarte/karsjukdommar. Barn, eldre og gravide er også særleg sårbare.

### SV vil:

- **redusere NOx-utsleppa med minst 60 prosent innan 2022**, frå 2013-nivået, og halde nivåa av svevestøv godt under helsetyresmaktene sine tilrådingar.
- **redusere bruken av piggdekk** ved å gå i dialog med staten om å auka piggdekkgebyret.
- **gi informasjon til offentlegheita om luftforureining** i ulike delar av kommunen. Det må installera fleire målepunkt for luftforureining.
- **ta i bruk akutte tiltak for å hindre farleg luft på enkeltdagar** når det er naudsynt for liv og helse, men rette hovudtyngda på det langsigtige arbeidet for varig rein luft.
- **styrke reinhaldet av gater** for å redusere talet på dagar med høg forureining av svevestøv.
- **innføre gratis enkeltbillett på kollektivtrafikk** på dagar der det er innført dieselforbod eller beredskapstakstar.

## Ein grøn og miljøvenleg kommune

SV vil prioritere natur- og friområde. Å nyte og bruke Stavanger sin flotte natur skal vere enkelt for alle. Nærleik til sjøen er ein kvalitet i heile Stavanger. Vi vil gjere strandsona meir tilgjengeleg for kommunen sine innbyggjarar og dei som er på vitjing.

Turveitrasseen langs Byfjorden er vist i kommuneplanen sidan 2011. Det er ein suksess med tur- og sykkelvegen langs austre kystlinje frå Stavanger sentrum til Sandnes langs Gandsfjorden, og langs vestre kystlinje frå Hafrsfjord til Randaberg. SV vil no utvide friområdeprosjektet mot Tasta.

SV ønsker å bygge lokk over motorvegen frem til Auglendstunnelen, med nye bustadar som kan være med å finansiere delar av utbygginga. Ullandhaug skole og Barnas hus barnehage må flyttast til det ligg føre målingar av luftkvalitet som viser at det er forsvarleg for barna å opphalde seg i området.

### SV vil:

- **sørge for fri ferdsel i strandsona**, slik at alle kan få glede av sjø og vatn.

- **utvikle friareal på øyane, sørge for fleire parkar og friområde i kommunen**, slik at alle skal ha nærliek til gode uteareal for rekreasjon.
- **etablere sykkel- og gangsamband langs sjøen frå Hillevåg til Byterminalen og Stavanger stasjon**, for å fullføre friområdeprosjektet og gode måtar å koma seg fram til sentrum.
- **bygge turveg langs Byfjorden frå Konserthuset til Dusavik**, som neste trinn i friområdeprosjektet.
- **bygge lokk over motorvegen frå Schancheholen til Haugåsvegen**, for å redusere støy og luftforureining, og skape nytt areal som kan frigjere plass til bustad og grøntareal.
- **gå imot regulering av friområde til andre arealformål**. I ein by er det viktig å ivareta dei grøntareala ein har og sikre nye.
- **satse på fornybare og fossilfrie energikjelder** til oppvarming, av bustadar, næringsbygg, drivhus etc.
- **stille strenge miljø- og kvalitetskrav**, inkludert universell utforming, til all utbygging og restaurering.
- **at dei kjørety som kommunen eig eller leier er utsleppsfree**.
- **styrke ordninga for bildeling** ved at kommunen er medlem i bildelingsordninga.
- **fortsette arbeidet med å redusere avfallsmengda**, styrke kjeldesortering og ressursgjenvinning.
- **arbeide for at Stavanger blir ein plastfri kommune**.
- **støtte ordningar for å dele og leige i staden for å eige**, slik at vi kan utnytte samfunnet sine ressursar betre og dele på reiskap og utstyr som er sjeldan i bruk.
- **styrke reinhaldet i det offentlege rom**, og setje ut fleire søppeldunkar.
- **styrke strandrydding** som eit viktig bidrag til eit reinare hav.
- **fjerne reklamefinansierte tavler frå det offentlege rom**, som bidreg til auka forbruk, kjøpepress, kroppspress og visuell forsøpling av gatebildet.

## Dyrevelferd i Stavanger

Eit Stavanger for alle tyder også eit Stavanger for dyra. SV vil at Stavanger skal bli ein føregangskommune for dyrevelferd. Derfor støtter SV arbeidet med å utarbeide ein plan for dyrevelferd for Stavanger kommune.

SV vil:

- støtte tiltaks- og haldningskampanjar for dyrevelferd.
- gi økonomisk støtte til frivillige organisasjonar som hjelper samfunnet med å ta seg av heimlause dyr.
- arbeide for eit nasjonalt påbod for ID-merking og kastrering av kattar og kaninar.
- støtte ein permanent og betre ordning med dyropoliti i Rogaland.
- arbeide for forbod mot pelsdyroppdrett og sal av produkt frå dette.
- arbeide for at produksjonsdyr på gardsbruk i Stavanger kommune har god velferd og forsvarlege levevilkår.

- arbeide for mindre bruk av kjøtt i offentleg matservering og gjere vurdering av dyrevelferd ved innkjøp av råvarer som kjøtt, egg og mjølkeprodukt.

### **Fleire fotgjengarar, syklistar og kollektivreisande**

SV vil arbeide for ein kommune som er ein offensiv pådrivar for miljøet. Dei farlege klimaendringane trugar livsgrunnlag i verden. Skal vi lukkast i å snu den urovekkjande utviklinga, må kvar enkelt kommune gjere sitt. SV støttar tiltak som kan redusere klimagassutslepp og anna forureining, og vil prioritere verksemder som tek vare på miljøet. Miljø og rettferdig handel skal vere eit viktig kriterium i alle offentlege innkjøp.

SV vil at fleire går, syklar eller reiser kollektivt til daglege gjeremål. Stavanger by er veleigna for sykling året rundt. Ein by med lågt behov for transport med bil treng mindre plass til veg. Det blir dermed meir plass til grøne rekreasjonsområde, gode møteplassar og fleire bustadar, arbeidsplassar og kulturtilbod på det same området.

Sykling i Stavanger skal være tilgjengeleg, trygt og eit naturleg val for alle. Det er miljøvenleg og helsefremjande. Sjølv om stadig fleire syklar, er det enda for dårleg tilrettelagt mange stadar og mange vel derfor bort sykkelen.

For å kutte CO<sub>2</sub>-utslipp frå transport er det viktig at bilbruken blir kraftig redusert. Ryfast er eit eksempel på korleis vi ikkje skal bruke offentlege midlar i framtida. Ein av konsekvensane er auka gjennomgangstrafikk via Hundvågtunnelen og Ryfast-tunnelen, og mykje nyskapt trafikk vidare sørover gjennom fleire bydelar på E 39. Det skapar meir utslepp og dårlegare luftkvalitet.

For SV er løysinga å skape eit betre transportalternativ enn privatbilen. Dette vil bestå av gode og trygge gangvegar og snarvegar, eigne separate sykkeltrasear og eit godt utbygd og rimeleg kollektivtilbod. Drift og vedlikehald av gangvegar, sykkelvegar og kollektivtilbodet må aukast kraftig.

Eit mål er å utvide heim-jobb-heim-ordninga til alle og etter kvart gjere kollektivtransporten gratis i kommunen. Stavanger SV foreslo allereie i 1993 å bygge bybane, og har sidan arbeida for å få dette på plass.

Bussvegen må kunne byggjast om til bybane. Kommunane i byområdet på Nord-Jæren må samarbeide om transportløysingane. Jernbane og bybane må vere stammen i kollektivtilbodet, saman med mange bussar med hyppige avgangar. Der innfartsvegane har to felt, skal det eine feltet vere for kollektivtrafikken.

SV vil arbeide for å realisere eit kollektivsystem som bind heile regionen saman. Vi treng langt større kollektivdekning og eit kollektivsystem som toler ein stor region med lange avstandar og mange innbyggjarar. Ein t-bane kan være del av løysninga.

SV ønskjer å vidareføre elbilfordelane, som har sørga for at elbilar utgjer ein stadig større del av salet av ny bil i Norge.

Det er viktig å redusere utslepp ved å gjere det lettare å velje kollektiv, sykkel og gange. Bompengar er ein finansieringsmetode legg til rette for biltrafikk og råkar hardast dei som har minst. Derfor vil SV stemme mot finansiering med bompengar. Samtidig vil vi arbeide for å nytte meir målretta tiltak som vil vere meir rettferdig. Vegprising vil ta høgde for kva for bil som blir nytta, kvar og kor langt ein køyrar, og kan differensierast for tidspunkt. Også rushtidsavgift er aktuelt, men da med eit betre kollektivtilbod som ein viktig føresetnad.

#### **SV vil:**

- **prioritere gåande, syklande og kollektivreisande** med eigne separate trasear.
- **better trafikktryggleiken for gåande og syklande**, med eigne vegar for desse.
- **etablere naudrom i Rennfast- og Finnfast-tunnelane**, for å auke tryggleiken for dei som køyrer.
- **utvide bysykkelordninga**, etablere fleire stasjonar, fleire syklar, redusere priser og arbeide for ei stativuavhengig ordning.
- **etablere fleire sykkelparkeringsplassar i sentrum**, også i parkeringsanlegget under Domkirkeplassen.
- **prioritere bygging av bybane- og t-banesystem** som tiltak for å gi folk eit godt alternativ til privatbilen.
- **sikre framtidige trasear for kollektivtransport** og haldeplassar i reguleringsplanar.
- **better kollektivtilbodet** ved å knytte sjukehuset, universitetsområdet, Forus og Sola flyplass betre saman med resten av byområdet.
- **innføre gratis park & ride-løysingar** med parkeringsplassar for syklar og bilar på stasjonane langs Jærbanen, ved haldeplassane til bussvegen og etter kvart ved bybanen.
- **Better forholda for bussene** med trafikkregulering og eigne kollektivfelt.
- **innføre rabattert kollektivkort** tilsvarande ungdomskortet som gjeld på alle transportmidlar.
- **føreslå ordninga med å gi løn for miljøvennlege arbeidsreiser** til fots, på sykkel og med kollektivtransport.
- **utvide ordninga med å gi løn for miljøvennlege arbeidsreiser** til fots, på sykkel og med kollektivtransport (inkludert heim-jobb-heim-ordninga).
- **styrke båt- og ferjetilbodet til øyane**, om naudsint med kommunalt tilskot. SV støttar planane om samanbinding av øyane Fogn – Bokn – Byre og Halsnøy. SV vil ikkje støtte planane om Øyfast utover dette prosjektet.
- **ta vare på det gode bumiljøet på Vassøy**, styrke ferje- og båttilbodet og gå i mot å anleggje bru til Vassøy.

- **flytte cruisebåtane ut av Vågen** og stille krav om landstraum og lågutsleppsparty. Etter 2026 skal alle cruiseskip som kjem til Stavanger ha null utslepp.
- **styrke handel i Stavanger sentrum** ved å innføre avgift på parkeringsplassane ved kjøpesenter utanfor sentrum.
- **at Stavanger skal være ein pådrivar for auka satsing på jernbane**, styrke Sørlandsbanen og arbeide for lyntog over Haukeli.
- **styrke togtilbodet i regionen**, arbeide for å forlenge dobbeltsporet til Egersund og gi støtte til å opne opp igjen Ålgårdbanen som del av Jærbanken framfor å prioritere fire-felts E39 mellom Sandnes og Kristiansand.
- **arbeide for å opne opp igjen Forus stasjon**.
- **utvide sykkelnettet vidare**, særleg ved å bruke areal som i dag blir brukt til gateparkering.
- **oppgradere sykkelvegane** for å gjere dei tryggare og meir effektive, med meir fysisk skilje.
- **leggje betre til rette for el-syklar**, mellom anna for fleire trygge parkeringsløysingar og lading.
- **ha sikker sykkelparkering ved arbeidsplassar, butikkar og studiestadar**. Kommunen skal sette av areal til tjuveri- og hærverksikker sykkelparkering, bruke parkeringsnormene til å stille krav til sykkeltilrettelegging i nybygg samt ha aktiv dialog med andre aktørar om sykkelparkering.
- **innføre tilskotsordning for lastesykkel**.
- **sette i gang opptrapping av utbygging av offentleg tilgjengelege ladepunkt**. Vi vil vurdere ei moderat betalingsordning for å auke sirkulasjon og tilgjengeleheit.
- **innføre ei kommunal støtteordning for lading til burettslag, sameige og sameige for garasjar**.
- **leggje til rette for lading ved innfartsparkering/pendlarparkering**.
- **stille krav i reguleringsplanar om at nybygg og bygg som er under restaurering skal være ladeklare bygg**.
- **stemme mot bompengar**. Samtidig vil vi arbeide for ein vegprisingsmodell, og rushtidsavgift er aktuelt når kollektivtilbodet er kraftig betra.

## **Landbrukskommunen Stavanger**

Veret dei siste åra gir grunn til uro. Klimaet er i ulage. Derfor må vi arbeide for auka forsyningstryggleik globalt, nasjonalt og lokalt. Stavanger er, takka vere Finnøy og Rennesøy, ein stor landbrukskommune, og areala på øyane blir Stavanger sitt spiskammer. Tydinga av landbruksareal i eit forsyningsperspektiv kan ikkje overdrivast, og SV vil arbeide for at ein vesentleg større del av landbruksprodukta som blir tilbode skal vere produsert lokalt.

Klimagassutsleppa i Stavanger er for store. Grunnen til dette er i hovudsak at oppvarminga av drivhus på Rennesøy og Finnøy skjer med gass. Myr og våtmark er viktige å ta vare på, da desse bind og lagrar CO<sub>2</sub>. SV vil ta vare på og bruke beiteressursane, for å redusere importen av kraftfôr.

**SV vil:**

- **at drivhus skal bli varma opp med bruk av utsleppsfri energi**, og fase ut fossilt brennstoff som energikjelde.
- **at torv som vekstmedium må bli erstatta av andre og meir klimavenlege alternativ.**
- **at eigne beiteressursar må nyttast betre enn i dag.**
- **at lokalt jordbruk ikkje må føre til ønskja klima- og naturkonsekvensar andre stadar i verden.**

## Arbeidsliv

### Stavanger kommune – ein arbeidsgjevar som har tillit til sine tilsette

Den beste velferda blir skapt av trygge og kompetente tilsette. SV går til val på eit løfte om ein god arbeidsgjevarpolitikk i Stavanger kommune. Kommunen skal være ein attraktiv arbeidsgjevar som sikrar gode velferdstenester. Tilsette i Stavanger kommune skal ha gode løns- og arbeidsvilkår.

Vi ønsker ein velferd utan profitt, slik at skattepengane ikkje går til overskot for rike eigarar, men til god velferd for innbyggjarane. SV ønsker en politikk der Stavanger kommune utfører tenester i eigen regi eller ved bruk av ideelle aktørar. Slik unngår vi at stadig meir av ressursbruken går til anbodsarbeid og kontrollloppgåver.

#### SV vil:

- **ha heile og faste stillingar.** Det er viktig for eit betre velferdstilbod, men også for den enkelte som får meir tryggleik gjennom eit seriøst tilsetjingsforhold.
- **redusere bruken av midlertidige stillingar** og vikarar til eit minimum gjennom auka grunnbemannning i kommunale einingar.
- **samarbeide med fagrøyrsla** om tiltak for å auke kompetansen og bidra til etter- og vidareutdanning av kommunalt tilsette.
- **arbeide for fleire læreplassar** i Stavanger kommune. Det er viktig at kommunen bidreg til at yrkesfagelevar får fullført si utdanning. Alt for mange manglar læreplass.
- **at kommunale tenester skal tilbys av offentlege eller ideelle aktørar,** arbeide for å rekomunalisere offentlege tenester som allereie er konkurranseutsett og/eller privatisert. SV ønsker ikkje kommersielle aktørar inn i velferda. Vi vil arbeide mot konkurranseutsetting, anbod, utskilnad og privatisering av offentlege tenester.
- **forsøke sekstimers arbeidsdag** med full lønskompensasjon. Det er testa ut nokre stadar i Norge allereie, med gode resultat. Målet er at tilsette skal kunne stå lenger i jobb, unngå slitasjeskadar og sikre den enkelte meir fridom og fritid.
- **redusere konsulentbruken** ved at kommunen bruker eigne tilsette i større grad når tenestetilboden i kommunen skal evaluerast og utviklast. Det finst mykje kompetanse i eigen organisasjon.
- **arbeide for å sikre tilsette ytringsfridom** og styrke stillinga til varslarane, mellom anna gjennom eit godt samarbeid mellom fagrøyrsla, administrasjonen i kommunen og politikarane.
- **opprette eit eige varslarombod**, gjerne i samarbeid med andre kommunar eller offentlege institusjonar.
- **ha god pensjon**, SV vil halde ved like ytelsespensjon for alle kommunalt tilsette.
- **at kommunen som arbeidsgjevar praktiserer dei reglane som gjaldt i**

**arbeidsmiljølova før endringane i 2015** om midlertidige tilsetjingar og tilsetjingsvern.

- **sikre arbeidsplassar for folk med varig nedsett arbeidsemne** i kommunale verksemder.<sup>[SEP]</sup>
- **stille større krav om at fleire personar med nedsett funksjonsevne blir tilsett** i ordinære stillingar i kommunen.
- **at Stavanger kommune forpliktar seg til å ha likelønnsplanar** i alle verksemder.<sup>[SEP]</sup>
- **at Stavanger kommune i framtidig tariffoppgjør prioriterer likelønn,** mellom anna gjennom å vurdere likelønnspott.

### Tid, tillit og fridom

Mange tilsette opplever ein kvardag som i større grad er prega av målstyring og resultatmål. Dette må vi få ein slutt på. SV sitt mål er veldig enkelt: pleiarane i eldreomsorga skal ha tid til å sjå den som får pleie i augo, framfor å måtte sjå på klokka. Lærarane skal ha tillit til å undervise på den måten dei meiner gir best læring, framfor å fylle ut skjema pålagt av politikarane. Offentleg tilsette skal få meir tillit og fridom, for å redusere byråkrati og auke det sjølvstendige initiativet og ansvaret.

Om SV får din støtte vil vi bruke dei neste fire åra på å gi tilsette tilliten tilbake, fordi dei fortener det.

### SV vil:

- **gjennomføre ein tillitsreform.** Når tilsette får fridom og fagleg kunnskap får tillit, kan vi få betre tenester for innbyggjarane. Det gir mindre byråkrati og meir velferd.
- **sikre kvalifisert arbeidskraft.** Tilsette skal sikrast gode løns- og pensjonsvilkår, bli skjerma for privatisering og gis gode mogelegheiter for etter- og vidareutdanning.
- **arbeide for auka bemanning, heile og faste stillingar.** Det skal være nok folk på jobb for å ivareta både barn og pleietrengjande. SV vil ikkje nytte bemanningsbyrå for å dekke opp for sjukdom og permisionar. Vi vil i staden for innleie auke bemanninga og ha faste vikarar. Dersom innleie blir nytta, skal det sikrast at dei får tilbod om løns- og arbeidsforhold i samsvar med norsk lov- og avtaleverk, og SV vil i den samanheng også styrke kontraktsoppfølginga i kommunen.

### Arbeid i helsesektoren

SV vil arbeide for at dei som yt sosial- og helsetenester i kommunen skal gis tillit til at dei kjenner situasjonen brukaren er i og gir det tilbodet det er behov for. Det er eit aukande behov for kompetanseheving på fleire område. SV vil arbeide for at personale som ønskjer det skal få mogelegheit til kompetanseheving. På enkelte område i

tenestetilbodet blir det nytta for mykje ufaglært arbeidskraft. SV vil arbeide for at det skal være faglært arbeidskraft, og der dette ikkje er mogeleg skal den ufaglærte få naudsynt opplæring om sitt arbeidsområde.

SV ønsker også å arbeide for å ta vare på kompetanse kommunen har i dag. Gode løns- og arbeidsforhold, og mogelegheit for fagleg utvikling er ein nøkkeli i dette arbeidet.

**SV vil:**

- **arbeide for auka kompetanse på alle nivå i det kommunale tenestetilbodet.**
- **leggje til rette for at den enkelte medarbeidar skal få utvikle seg fagleg.**
- **sikre gode løns- og arbeidsvilkår for tilsette**, som også vil koma mottakaren av tenestene til gode.

**Stavanger kommune – ein oppdragsgjevar som tek ansvar**

Når Stavanger kommune gir kontraktar til private oppdragsgivarar innanfor f. eks. byggebransjen, vil SV arbeide for at kommunen fører nøye kontroll med at dei private oppdragsgivarane tilbyr sine tilsette løns- og arbeidsforhold som er i trå med norsk lov- og avtaleverk. Kommunen skal arbeide aktivt mot alle formar for sosial dumping. SV vil sørge for at Stavanger har det strengaste og mest seriøse innkjøpsreglementet, og at dette blir oppdatert jamt.

**SV vil:**

- **stille krav om gode løns- og arbeidsforhold** ved anbod. Vi skal gjennom dette fremme dei seriøse aktørane, og kjempe mot useriøse aktørar som set helse og tryggleik i fare hos tilsette.
- **styrke kontraktsoppfølging i kommunen.** Vi vil setje av meir ressursar i kommunen til å følgje opp oppdragsgivarane i alle ledd i kontrakten. Det krev tid og kompetanse å følge opp kontraktar på ein god måte, som syner at kommunen tek kampen mot svart arbeid, arbeidslivskriminalitet og useriøse aktørar på alvor.
- **samarbeide nært med fagrøyrsla** for å avdekke brot på norsk lov- og avtaleverk, samt anbodsvilkår.

## Ein ny næringspolitikk

Vi må skape for å dele, men vi må også dele for å skape. Velferdsstaten er ein viktig grunn til at det går godt med norsk næringsliv. Den sørger for at vi har arbeidskraft med kompetanse, at fleire kan delta i yrkeslivet og at vi har eit tryggleiksnett som gjer at folk tør å satse. SV vil bidra til at fleire tør å starte bedrift gjennom dei gode sosiale ordningane vi allereie har – og som vi kan forsterke.

Gjennom ny teknologi kan vi gjere mykje på ein smartare og meir effektiv måte. Stavanger er ein smartkommune, og skal gjere teknologi, taldata og informasjon meir tilgjengeleg for innbyggjarane. Det skal være enkelt å kontakta kommunen, og ein skal raskt få svar og oppfølging på det ein måtte lure på. SV er positive til «smartby-prosjektet», og vil særleg prioritere at det skal bidra til å redusere klimagassutsleppa og det økologiske avtrykket. Vi skal bruke ny teknologi til det beste for innbyggjarane. Det kan eksempelvis være sensorar for å sjekke gatesluk slik at desse ikkje blir tette, gjere det enklare for eldre å bu heime lenger ved bruk av medisindispensar, og at sjuke elevar skal kunne følgje undervisning gjennom ein skolerobot. Smartby-prosjektet skal gjere det betre å være innbyggjar i Stavanger.

For SV er målet med næringspolitikken å skape verdiar for dei mange, ikkje berre for dei få. Det betyr at SV vil arbeide for å spreie verdiskaping og sysselsetting i heile kommunen, og at våre verkemidlar bidreg til å stimulere lokale og regionale bedrifter. Vi skal hegne om det mangfaldige og organiserte næringslivet kommunen består av.

Ein går ut i frå at 90 % av all innovasjon skjer i eksisterande bedrifter, og at 10 % skjer av gründere. Det er ønskeleg med meir kreativt entreprenørskap og idéutvikling, noko SV også vil bidra til. Derfor vil SV støtte gründerhus i Stavanger for å gi menneske med gode idear ein arena å realisere ideane sine i fellesskap med andre.

Det skjer mykje innovasjons- og næringsarbeid på Ullandhaug, i miljøa rundt UiS og Ipark. Både gjennom oppdragsforskning og bedriftsrealisering blir det skapt nye idear og arbeidsplassar. Vi vil bidra til at dette arbeide kan utviklast vidare, og særleg i fornybar retning.

Det er viktig for SV å bidra til at næringslivet i regionen kan omstille seg i meir miljøvennlig og berekraftig retning. Vi må gå frå dagens samfunn, til eit lågutsleppssamfunn og vidare inn i nullutsleppssamfunnet. Overgangen vil skje gradvis, men det er avgjerande, særleg for Stavanger-regionen, at vi omstiller frå eit oljesamfunn til eit fornybar-samfunn med nye arbeidsplassar.

Gjennom eit lokalt klimafond vil SV mellom anna støtte forsking som bidreg til grøn næringsutvikling. Det er avgjerande at vi skaper fornybare arbeidsplassar i denne regionen for å omstille oss til nullutsleppssamfunnet, når oljetida tek slutt.

Stavanger er eit flott reisemål, med både bykjerne, fantastiske øyer og grønt landskap. Ein berekraftig turisme er viktig for å halde på og utvikle arbeidsplassar i kommunen. SV vil ta reiselivsnæringa i ei grøn retning. Vi vil vise fram ymse reisemål i kommunen og elles i regionen. Det skal være låge utslepp frå transport, kortreist mat og gode natur- og kulturopplevelsingar. Kongress- og arrangementsturisme er viktig for regionen, og vi vil satse på å trekke til oss også denne typen turisme. Det må sikrast at alle kongress- og konferansearena står likt ved konkurransen. Det er ikkje ei kommunal oppgåve å ha eigarskap i Stavanger Forum eller bygg knytt til Stavanger Forum.

Eksisterande næringslokale i byen skal i størst mogeleg grad sikrast vidare drift, samstundes som nye område blir tilrettelagt for næring. SV ser positivt på område som består av både bustadar og arbeidsplassar, som ikkje medfører støy, forureining eller tungtrafikk.

Bøndene er både produsentar og næringsdrivande, men også naturen sine vaktmestrar. Utan bonden gror landet igjen. Derfor må landbruket spela ein sentral rolle i næringspolitikken. SV er på lag med bonden. Landbruk blir viktig for Stavanger framover, og SV vil bidra til auka lokal matproduksjon. Når matjord blir bygd ned for å sikre areal til bustad, næring eller liknande, taper vi viktige ressursar for framtid. Matproduksjon er viktig for nasjonal tryggleik, og vi vil trygge at Norge, i ei framtid med meir ustabilt klima, er meir sjølvforsynt. SV vil legge til rette for miljøvenleg landbruk, som utnytter ressursane meir effektivt og er mogeleg å leve av for bonden. Vi vil ha sjølvforsyningsgraden av mat opp, og klimautslepp per produserte eining ned.

Havet har alltid betydd rikdom for Norge, og skal vere verdens matfat for framtida. Vi vil ha fjordfiske, framfor risiko med lus, rømming og avfall frå fleire oppdrettsanlegg. SV er kritisk til utsleppa oppdrett fører med seg, og vil stille krav om lukka anlegg, for å få samla opp kloakken, få kontroll med lakselus og redusere den biologiske forureininga av villaksstammen. Eit slik tiltak vil truleg også få rekene tilbake i Ryfylkebassenget, samt gjere at anna fisk ikkje tek til seg før frå anlegga. Gjennom strenge miljøkrav vil SV sørge for ei reinare oppdrettsnæring.

I møte med dei globale endringane som råkar Norge, trengs ein aktiv næringslivspolitikk. Stavanger [SEP] kommune spelar ein viktig rolle som premissgjevar for næringslivet gjennom gode offentlege tenester og god kunnskapspolitikk. SV vil at kommunen aktivt skal legge til rette for ei variert næringsutvikling for å sikre noverande og framtidige arbeidsplassar i kommunen. Samstundes skal dette sjåast i ein naturleg samanheng med den generelle kommuneplanlegginga, som balanserer ulike interesser og tek omsyn til eit variert tilbod, bumiljø og aktivt bruk av sentrale strøk. [SEP]

Eit inkluderande og variert næringsliv er viktig for samfunnet. Ein aktiv bustad- og utviklingspolitikk [SEP] skal reflektere behova for å starte og drive nye bedrifter i Stavanger. Arbeidsplassane i kommunen skal takast vare på ved å sikre at lokalt næringsliv er prioritert. [SEP]

Kommunen skal fortsette å vere ein moderne og innovativ tenesteytar, og gjennom digitalisering [1] skal den leve re stadiig betre tenester. Stavanger kommune skal vere ein aktiv og framtidsretta eigar, og vurdere å auke sin eigardel i samfunnsviktig infrastruktur. For å sikre eit fortsatt godt offentleg eigarskap skal eigarskapsprinsippet legge vekt på grøn- og inkluderande vekst. For å oppnå større openheit om dei verdiane kommunen eig og forvaltar, skal Stavanger legge fram ein årleg eigarskapsmelding. [2]

**SV vil:**

- **støtte gründerhus som vil etablere seg.** Det er viktig med fellesskap og gode arbeidsvilkår for gründere og andre bedrifter som er i oppstartsfasen. Det må kommunen legge til rette for.
- **opprette eit lokalt klimafond.** Gjennom det kan vi skape fleire grøne arbeidsplassar og støtte bedrifter som vil utvikle teknologi og løysingar for å redusere utslepp.
- **samordne næringsutvikling i regionen** og innovasjonsmiljøet på Ullandhaug. Vi skal støtte opp om forskingsmiljøa innanfor nye, fornybare energikjelder, særleg UiS og IRIS.
- **styrke lokalt næringsliv**, ved å legge til rette for at privat næringsliv tek inn fleire lærlingar.
- **halde sentrum levande**, og derfor arbeide for at næringslokale i sentrum ikkje står tomme over lang tid. Kommunen bør tilby å dekke eller subsidiere leie for nye bedrifter som vil bruke lokale i sentrum, for å unngå tomme lokale.
- **skape betre grunnlag for torghandel**, med gratis bruk av torget for alle som vil selje lokale produkt.
- **arbeide for mathall i Stavanger.** Vi ønsker dette som ein arbeidstreningsarena.
- **styrke lokal matproduksjon**, mellom anna gjennom jordvern og støtteordningar for meir miljøvenleg landbruk.
- **støtte meir miljøvenleg fiskeri**, arbeide for lukka oppdrettsanlegg utan utslepp, som kan sikre sjømat av høg kvalitet.
- **vidareutvikle kommunale eigeskapsprinsipp**, og etablere ein årleg communal eigarskapsmelding.
- **at kommunen skal selje eigarskap i selskap og bygg knytt til Stavanger Forum.**
- **effektivisere kommunen gjennom digitalisering og kompetanseheving**, og nytte dei frigjorte ressursane til å leve re enda betre tenester mellom anna til næringslivet. [3]
- **sikre fortsett offentleg styring og drift av viktig infrastruktur**, gjennom selskap som Lyse, Stavangerregionen Hamn og andre interkommunale selskap.
- **styrke næringsavdelinga i kommunen**, og melde Stavanger kommune ut av Greater Stavanger.

## Feminisme og likestilling

Stavanger skal være ein kommune der alle har like moglegheiter, uavhengig av kjønn og kjønnsidentitet.

Samfunnet er fortsett prega av maktforskjellar mellom kvinner og menn. Kvinner tener mindre enn menn, eig mindre enn menn og er underrepresentert i maktposisjonar. Altfor mange kvinner opplever også Stavanger som utrygt.

SV er eit feministisk parti, derfor har nedkjemping av skeivfordelinga mellom kvinner og menn vore sentralt for SV. Rimelege, offentlege tenester som kollektivtransport, barnehagar, SFO og gode heimehjelpstener gjer det mogeleg for kvinner å delta i arbeidslivet, vere økonomisk uavhengige og samtidig få kvardagen til å henge saman.

Gode og tilgjengelege hjelpetiltak gjer at kvinner søker hjelp mot vald og overgrep. Gode velferdstenester er også god feministisk politikk.

Stavanger skal være ein trygg kommune for alle å ferdast i og det skal være ein kommune fri for diskriminering og trakassering. Unge jenter og gutter i Stavangerskolen skal sikrast god og kunnskapsbasert seksualundervisning. Her skal førestillingar om idealkropp brytast ned, og ein skal gi god informasjon til unge om grensesetting, respekt og den retten dei har. Vi skal dyrke mangfald, sjølvaksept og tryggleik.

### SV vil:

- **at seksualundervisninga i skolen skal handle om kjønn og mangfald, respekt og lyst**, men også maktbalansen i seksuelle relasjoner, grensesetting, respekt og tydinga av aktivt samtykke.
- **at alle Stavangerskolar skal ha ein ressurslærar innan seksualundervisning**. SV vil at alle Stavangerskolar skal delta i "Uke 6", som er eit læringsopplegg om kjønn, identitet og grensesetting.
- **fjerne reklamefinansierte tavler frå det offentlege rom**, som bidreg til auka kroppspress. Retusjert reklame skal merkast.

## Fridom frå vald og tvang

Alle menneske har rett til eit trygt og fritt liv utan å bli utsett for vald. Det inkluderer fridom frå vald, valdtekst, seksuell trakassering og negativ sosial kontroll. Menn som yt vald mot kvinner er eit folkehelseproblem. Mykje av valden som rammar kvinner skjer i heimen og i nære relasjoner. Kvinner er også meir utsett for seksualisert vald og trakassering i det offentlege rom. Dei fleste som lever i prostitusjon er kvinner. SV vil prioritere førebygging og godt fungerande hjelpetiltak slik at alle kvinner kan leve i fridom frå vald og tvang.

## **SV vil:**

- **at valdtektsaker og partnarvald skal bli prioritert høgt av politiet.**
- **styrke kunnskapen om valdtekst og vald mot kvinner** hos politi, rettsvesen, helsepersonell, NAV og folkevalde.
- **ha betre lyssetjing i gater og parker i byen.**
- **gi kvinner tilbod om trygge, kommunale overgangsbustadar etter opphold på krisesenter.**
- **arbeide for at politiet prioriterer handheving av sexkjøpsloven.**
- **utvikle exit-program for menneske i prostitusjon** med mange og gode hjelpetiltak, bl.a. tilbod om bustad, hjelp til å finne ein jobb, norskopplæring, studiar og helsetilbod.
- **at kommunen tilbyr gode helsetilbod** inkludert tilbod om psykolog for menneske som lever i prostitusjon.
- **gjennomføre kurs i sjølvforsvar med fokus på grensesetting og respekt** for alle i ungdomsskolen.
- **at kommunen utarbeider ein forpliktande handlingsplan mot vald i nære relasjonar** der arbeidet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald er inkludert.
- **kurse sosialrådgivarar og helsejukepleiarar som arbeider i skolen om negativ sosial kontroll.**
- **oppfordre alle hotell i Stavanger til å bli med å kjempe mot sexkjøp og menneskehandel.**

## **Regnbogebyen**

Alle skal ha fridom og tryggleik til å være den dei er og elske den dei vil, utan fare for å bli diskriminert, trakassert eller utsett for vald. SV vil kjempe mot all diskriminering av seksuelle orienteringar, kjønnsuttrykk og kjønnsidentitetar. I eit likestilt samfunn skal alle kunne leve ut identiteten, kjærleiken og seksualiteten sin.

Skolar og lokale utdanningsinstitusjonar må skape inkluderande læringsmiljø for alle elevar, studentar og tilsette. Skolen er ein viktig arena for å motarbeide mobbing og vald knytt til seksuell orientering og kjønnsuttrykk.

Det å høyre til ein seksuell minoritet eller kjønnsminoritet kan føre til stress og uvisse i møte med helsevesenet. LHBT-personer skal møtast med openheit, respekt og kompetanse som mottakarar av helse- og omsorgstenester i kommunen. Eldre som blir innlagt i institusjon i dag har vokse opp i ei tid med liten aksept for homofili. Å bli møtt med respekt og openheit i ein slik situasjon er svært viktig og er noko som krev merksem og medvit frå leiinga i institusjonen.

LGBT-personar med innvandrarbakgrunn opplever ekskludering, og mange av dei rettane som majoritetsbefolkninga tar for gitt er utanfor rekkevidde. Mange opplever fleire former for diskriminering.

**SV vil:**

- **at LGBT-perspektivet tas med i integreringsarbeidet i kommunen.**
- **auke kunnskapsnivået om LGBT-helse** mellom helse- og omsorgspersonell.
- **better helsetilbodet for transpersonar.**
- **gjennomføre regelmessig kompetanseheving for tilsette i barnehagar og grunnskolen** om LGBT-befolkninga.
- **at skolebiblioteka i Stavanger skal ha eit utval av skeiv litteratur og informasjonsmateriell om LGBT.**
- **sikre at alle elevar i grunnskolen får informasjon om LGBT** på ein slik måte at dei trygt kan være opne om seksuell orientering og kjønnsuttrykk.
- **at LGBT-organisasjonar får tilgang til å drive informasjonsarbeid i grunnskolen.**
- **legge til rette for at LGBT-personar kan leve med den seksuelle identitet i alderdom**, på sjukeheimar, dagsenter og liknande.
- **auke kunnskapen om LGBT-personar og skeive i prostitusjon.**
- **at kommunen yt økonomisk støtte til organisasjonane som arbeider for LGBT-personer** som til dømes FRI.
- **at tilrettelegging for pride-paraden blir betalt av kommunen.** SV ønsker at paraden kan bli eit gratis-arrangement.
- **kjempe for all diskriminering, vald og trakassering** på grunnlag av seksuell orientering og kjønnsuttrykk.

## Antirasisme og inkludering

Stavanger er ein mangfaldig kommune med menneske som har bakgrunn frå mange ulike land og kulturar. Dette fører med seg nye idear, ressursar og mogelegheiter. SV sin visjon er eit kulturelt mangfaldig og sosialt rettferdig samfunn med like mogelegheiter for alle.

Ikkje alle opplever å ha dei same mogelegheitene, og forskjellane mellom folk aukar. Mange opplever å bli stengt ute frå ulike område i samfunnet, som for eksempel arbeidslivet, kommunale tenester, offentlege rom, utestader og kollektivtransport. Å bli stengt ute skjer grunna etnisk bakgrunn, språk, seksuell orientering og kjønnsidentitet, funksjonsevne, klasse, kjønn, religion eller livssyn.

### Inkluderande arbeidsliv

Delar av innbyggjarane i Stavanger blir stengt ute frå arbeidsmarknaden, sjølv i økonomiske oppgangstider. Mange manglar den naudsynte kompetansen arbeidslivet krev, eller møter eit hjelpeapparat med manglande kunnskap om ulike behov. Dette gjeld særleg for unge som har falle ut av skolen, innvandrarar med kort skolegang, personar med nedsett funksjonsevne og personar som er utsett for vald i nære relasjonar.

**SV vil: auke andelen tilsette med minoritetsbakgrunn** gjennom kvotering i Stavanger kommune, og aktivt rekruttere personar med minoritetsbakgrunn til leiarstillingar i kommunen.

- **lage ein startpakke for arbeidsinnvandrarar** med informasjon om rettar og pliktar på deira eige språk. Lage ein skolering for arbeidsinnvandrarar i samarbeid med LO i Stavanger.
- **opprette ei tilskotsordning for næringslivet** til universell utforming av arbeidsplassar.
- **utvide Stavanger kommune si rekrutteringsordning for menneske med funksjonsnedsetjing.**
- **vidareutvikle kvalifiseringsprogrammet** for å få kvinner med innvandarbakgrunn ut i arbeidslivet.

### Nulltoleranse mot rasisme

SV vil arbeide for eit Stavanger for alle, der menneske av ulik etnisk bakgrunn, religion og kultur lever side om side. Det skal ikkje være tvil om vårt menneskesynet. Generalisering av menneske skal være fullstendig uakzeptabelt. Særleg skal vi være på vakt mot bruk av etnisk bakgrunn eller religion som forklaring på sosiale problem og økonomiske forskjellar. Stavanger skal ha nulltoleranse mot rasisme.

Rasisme skaper og held ved like utryggleik og bryt ned tillit mellom folk. Rasisme gjer at mange vel å halde seg borte frå det offentlege ordskiftet, men bidreg til mobbing i skolen og på arbeidsplassen.

Rasisme eksisterer ikkje berre i nynazistiske og høyreekstreme miljø, men er vevd inn i umedvitne kvardagslege handlingar og ord. Vi ser ein tendens i samfunnet til at negative haldningar til ukjente kulturar og religionar ofte ikkje blir sett på som rasisme.

Maktpersonar på høgresida normaliserer hatretorikk og rasisme for å skjule problem som eigentleg skuldast aukande sosiale ulikskap i samfunnet. Å motverke rasisme handlar derfor om meir enn å kjempa mot direkte diskriminering av enkeltpersoner. Rasisme er ein stor trussel mot den inkluderande kommunen Stavanger skal og bør vere, og må motarbeidast strukturelt og systematisk.

## **Eit rikt kulturliv**

Stavanger skal vere ein kommune som har forståing for kunst og kultur si rolle i samfunnet. Kunst og kultur skal inngå i alle planar vi har for utviklinga i kommunen. Kommunen skal ha store ambisjonar og gi innbyggjarane mogelegheit for eit rikt kulturliv.

Vi skal ha ein kulturpolitikk for å sikre mangfald, men som også tek vare på kulturarven, bygningar og tradisjonar. Innafor kulturpolitikken skal det vere rikeleg med plass for sjølvrefleksjon, diskusjon og debatt. Kultur handlar om ytringar. Kulturpolitikken skal sikre ein offentlegheit gjennom at det fins eit brent offentleg ordskifte både for den enkelte og for samfunnet. Kulturpolitikken skal sikre deltaking og engasjement i ein samfunnsdebatt som famnar vidast mogeleg .

Kunst handlar om uttrykket i seg sjølv, om prestasjon og kvalitet. Kunsten utfordrar sjølvforståinga -den skal kunne vere utfordrande og motstrøms. Det at kunsten utfordrar kulturen gjør at vi trenger offentlege løyvingar til kunstfeltet. Vi kan ikkje sjå for oss at marknaden etterspør eksistensielle og samfunnsmessige utfordringar.

Stavanger skal satse på kunst- og kulturlivet. Dette skal være tilgjengeleg for alle. Klasse, økonomi og tradisjonar avgjer i mange tilfelle om den enkelte tek i bruk den store bredda av aktivitet og tilbod som kulturlivet gir. Kulturlivet er under sterkt press frå kommersielle krefter som ønskjer å gjere mest mogeleg av folk si fritid og interesser om til konsum. Dette er øydeleggjande for ønskje om mangfald i uttrykk og tradisjonar.

Demokratiet føresett eit brent ordskifte der alle slags ytringar kjem fram. Det offentlege ordskiftet er under press i og med at dei tradisjonelle mediebedriftene har redusert verksemda si. Dette går ut over mogelegheita til å ha ein reflektert og opplyst samfunnsdebatt. Arena som Sølvberget, Kverulantkatedralen KåKå, Kapittel-festivalen og andre er derfor viktige for det offentlege ordskifte. Stavanger skal løfte ytringsfridommen, og er derfor naturleg nok hovudsete for fribyforfattarane i ICORN.

Stavanger har fleire store kunst- og kulturinstitusjonar lokalisert i kommunen. SV ønskjer ei utvikling som fremjar engasjement og deltaking. Vi vil styrke satsinga på kultur for barn og unge, for kunnskap og debatt. Vi ønskjer å bruke kultur som eit verktøy i integreringspolitikken og aktivt i eldre- og seniorpolitikken.

## **Studentersamfundet Folken**

Folken er ei viktig kulturscene, samstundes som det er studentane sin samlingsplass i sentrum. Studenthuset er basert på friviljugheit og er ein viktig tilbydar av kultur både for studentar og innbyggjarane elles. SV er opptatt av å sikre gode vilkår for vidare drift av Studentersamfundet Folken, med gode føresetnader. SV arbeider derfor for å auke driftstilskotet til huset, samt gi støtte til husleige. SV ønskjer at Stavanger kommune skal

bidra til å kjøpe bygget, slik at det blir frigjort midlar til oppussing og drift. Folken er ein naturleg stad for mellomstor scene i sentrum. Storsalen ber preg av alder, og vi vil støtte oppussing av lokalet.

### Stavanger Konserthus

Stavanger har eit konserthus som er i verdsklasse, akustisk og arkitektonisk. Det er attraktivt for alt frå klassiske til rytmiske musikktildydarar, til konferansar, større møter, føredragshaldarar og komikrar. Det er viktig å oppretthalde høg aktivitet. SV vil arbeide for at konserthuset fortsett er ein open og viktig arena for regionen sine innbyggjarar. Dei husar også Stavanger Symfoniorkester, som er viktig for heile regionen.

### Rogaland Teater

SV er oppteken av at Rogaland Teater skal fortsetje å levere teateropplevelingar av internasjonal kvalitet. Dette kan være utfordrande i lokala som dei er i dag. Vi ser derfor på Rogaland Teater sine planar for utbygging med stor interesse, og vil arbeide for ei best mogeleg løysing for teateret. Eit godt teater i gode lokalar er viktig for heile kommunen og regionen, og SV vil støtte vidare utvikling av teateret. SV forventar at staten tek ein stor del av finansieringa av utbygging av teateret, basert på sin eigardel (66,7 %).

### Tou Scene

Tou Scene har sidan starten vore ein pådriver for det alternative kulturtildobet i Stavanger. Utanom dei kommunale ambisjonane og tiltaka rundt Nye Tou har det vore eit stort kulturelt engasjement frå både publikum og tilbydarar av kultur for huset. SV vil arbeide for at Nye Tou skal bli tilgjengeleg for alle – utøvar som publikum. Vi vil vere oppteken av at lokala skal være lagt til rette for allsidig bruk på tvers av sjanger og kunstart, med vekt på fleirbruksmogelegeheter, som står i stil til dei økonomiske utfordringane som fins i kulturlivet. SV vil ha eigne og lågare takstar for unge utøvarar. SV vil bidra til å forsterke den gode utviklinga av Tou Scene.

### Metropolis

Metropolis er eit viktig kulturhus for ungdom i Stavanger. Huset tilbyr gratis øvingslokalar og innspelingsstudio for unge band og artistar, workshops og utstillings- og oppvisningslokalar for unge kunstnarar og idrettsutøvarar. Det er også ein stad der ungdom kan finne trygge vaksne personar. SV ser på miljøet som eit unikt og viktig rusfritt alternativ i Stavanger sentrum, og vil bidra til at dette fortsett. Det er viktig at tilbodet blir i sentrum, og SV vil behalde Metropolis der det er.

## Meieriet

Rennesøy kulturhus, Meieriet, har som formål å vere ein kulturformidlar for innbyggjarane. Drifta er dugnadsbasert. Rennesøy folkebibliotek og Frivillighetssentralen held til der. Det blir arrangert bygdekino, konsertar og lokale revyar. Kulturskolen har undervisning og oppvisningar der. Meieriet er eit naturleg samlingspunkt for kultur på Rennesøy. Derfor er SV opptatt av å sikre gode vilkår for vidare drift av huset.

## Otto-huset

Otto-huset er eit av få eldre hus igjen i Judaberg sentrum. I dag blir det drifta som ei stifting og brukt til ulike kulturaktivitetar som kunstutstillingar og konsertar av ulik art, alt frå kammerkonsertar til blues, rock og folk. Det har også vore ei lang rekke forfattarbesøk og foredrag der. I området rundt Otto-huset er det ein vakker skulpturpark. SV vil arbeide for at Otto-huset skal fortsetje å utvikle gode kulturtildelser til innbyggjarane og setje preg på Judaberg sentrum med vakker kunst.

## Domkyrkja

Stavanger domkyrkje er ei av dei eldste kyrkjene i landet, og eit av de viktigaste og flottaste landemerka og bygningane i sentrum. Å vedlikehalde og gjere bygget tilgjengeleg er viktig for SV og derfor vil vi sikre eit bygg som er tilknytt med toalett- og turistfasilitetar. Dette må gjerast slik at det ikkje påverkar Stavanger katedralskole negativt.

## Våre mellomalderkyrkjer

I tillegg til Domkyrkja har kommunen fleire kyrkjer frå mellomalderen. Dei er som Domkyrkja landemerke i landskapet, men også ei stoltheit for lokalsamfunnet. SV vil derfor vere med å sørge for det naudsynte vedlikehaldet av disse kyrkjene.

## Sølvberget

Sølvberget bibliotek og kulturhus er hjerte og møteplassen i byen, og samlar ei lang rekke aktivitetar under same tak. Den store oppgraderinga som har gått føre seg av bygget har gitt nye mogelegeheter for arrangement, studiar og underhaldning. SV vil fortsetje å satse på Sølvberget, og det er viktig å få på plass midlar til å tilsette eigen sosialarbeidar som kan følgje opp ungdomsmiljøet på bygget.

## **Bibliotek**

Folkebiblioteka er eit svært viktig tilbod for å styrke sosial og kulturell utjamning. Biblioteka rettar seg mot alle grupper i samfunnet og er avgjerande for informasjon og kunnskap.

Biblioteka er møtestad for alle, mellom anna fordi dei gir eit mangfaldig tilbod til publikum. Folkebiblioteka bidreg til å fremje kunnskapsutvikling, kulturformidling, utdanning, demokrati og ytringsfridom. Målet er å gjere biblioteka til oppdaterte møteplassar for kultur, kunnskap og informasjon for alle innbyggjarane.

Folkebiblioteka er også eit godt verkty for integrering. Mangfald og bredde gjer kommunen rikare. Derfor må minoritetar ha mogelegheit til å utvikle kulturen sin, og det må leggjast til rette for kulturell utveksling. Internasjonalt kulturverksted på Sølvberget er eit godt tiltak som spesielt legg til rette for dette.

SV ønskjer at biblioteka skal utvide lånetilboden, og låne ut verkty, reiskap, turutstyr, ski og liknande. Målet er at vi skal redusere forbruket og behovet for at alle eig verkty og utstyr kvar for seg. Ein skal heller kunne låne dette ved behov. Dette vil vere ein communal delingsøkonomi.

**SV vil:**

- **halde bydelshusa i god stand.**
- **sikre drift av grendehus.**
- **arbeide for at Eiganes og Våland får eige bydelshus.**
- **arbeide for ordningar som gjer at barn frå fattige familiar får oppleve kulturtilda på lik linje som andre barn. Dette gjeld også kulturskolen.**
- **sørge for pilotprosjekt med samarbeid mellom kulturskolen og SFO.**
- **auka midlane til skolane slik at dei kan vitja kulturinstitusjonane i kommunen.** Kolumbus skal tilby gratis kollektivreiser utanom rushtida for skolelevar som skal på slike besøk.
- **ta vare på og styrke Metropolis og fritidsklubar** med tilbod for ungdom, med fleire klubbar i kvar bydel.
- **satse på Sølvberget bibliotek og kulturhus og bibliotektilboden på Rennesøy og Finnøy.** SV vil sørge for å ta vare på og vidareutvikle filialnettet og sørge for at alle bibliotek er meir opne (opne utanom ordinær arbeidstid og på sundagar, men da ofte utan bibliotekarar). Nye filialar må byggjast i takt med bustadutbygging.
- **tilby rimelege lokalar med langsiktige leigekontraktar for profesjonelle kunstnarar og friviljug kulturaktivitet** som korps, kor og band. Sørge for at skolane er opne som lokale kulturarena på kveldstid og i helgane.
- **at kommunen arbeider for å skaffe til veie øvingslokaler.** Vi må også alde ved like dei vi har.
- **at kommunen har ein handlingsplan for å styrke korps og kor i kommunen.**
- **sette av midlar til konserter utandørs ulike stadar i byen.**
- **satse på betre språkopplæring** som til dømes språkgrupper og språkkafear i biblioteka.<sup>[1]</sup>

## **Idrett og friluftsliv** [L] [SEP]

Fysisk aktivitet i form av idrett og friluftsliv er eit viktig bidrag til god livskvalitet. Idrett og friluftsliv er ein vesentleg del av mange menneske sine liv og identitet, og er ein bærebjelke i norsk friviljugheit og eit lim i samfunnet. SV sitt mål er at alle skal ha mogelegheit til naturopplevingar og fysisk aktivitet i kvarldagen, uavhengig av økonomisk bakgrunn, samfunnslag, alder og funksjonsnivå.

Både den organiserte idretten og eigenorganiserte aktiviteter bidreg til dette. SV vil styrke friluftslivet og den organiserte idretten. Vi vil gjere det enklare å være fysisk aktiv også i eigen regi. SV vil auke aktivitetstilskota til dei friviljuge friluftslivsorganisasjonane for å etablere lågterskeltilbod for innbyggjarane. [L] [SEP]

SV vil at alle skal ha tilgang til grøntområde for leik, idrett, friluftsliv, naturopplevingar og anna rekreasjon utandørs i gangavstand frå bustad. Meir bruk av parkar, friområde, øyer og fjorden stiller større krav til skjøtsel og vedlikehald.

## **Idrett** [L] [SEP]

Organisert idrett for barn, ungdom og voksne er svært viktig for folkehelsa. SV vil bidra til å førebyggje rasisme og diskriminering i idrettsmiljøet, og arbeide for eit idrettstilbod der alle kan delta. Gjennom styrka tilskotsordningar for klubbane skal idrettslag og foreiningar kunne gjennomføre tiltak for større integrering og inkludering.

SV vil at alle skal ha tilbod om organisert idrett. Det krev at kostnadane i ulike idrettsgreiner må være så låge at dei ikkje ekskluderer nokon. [L] [SEP]

Idrettstilbodet for ungdom er ofte bra. Samtidig er fråfallet stort, og det er høge tersklar for å begynne med nye aktiviteter. Det kan ha samanheng med at ambisjonsnivået i enkelte idrettsgreiner er for høgt for enkelte. Idrettslaget bør etablere lågterskeltilbod for barn og ungdom som verken ønsker å spesialisere seg eller satse i konkurranseidretten. Dette er tilbod til dei som ønsker trening og treningsglede. [L] [SEP]

Svømming er gøy og kan bidra til å berge liv. Mange har for dårlige svømmeferdigheter. SV vil at alle barn skal lære å svømme, og at svømmehallane skal være tilgjengelege for alle. God svømmeopplæring, særleg for barn og unge, må prioriterast. SV meiner at, kommunen skal drifte svømmehallane og Gamlingen, og at prisen på billettane bør bli lågare. [L] [SEP]

Det er først og fremst kommunen som skal bygge og eige idretts- og friluftsanlegg. SV vil at idrettslaget skal sikrast økonomi som gjer det mogeleg for leiarar og trenarar å konsentrere seg om å bruke fritida til å skape gode idrettstilbod. [L] [SEP]

### **SV vil:**

- **prioritere breiddeidretten** og meiner at område med lågast dekning skal koma

først. Vidare skal område med stor tilvekst av barn og unge og område med fattigdom og sosiale utfordringar prioriterast.<sup>[1]</sup>

- **ruste opp eksisterande idrettsanlegg og bygge nye.** Utbygging av idrettsanlegg må gjerast i nært samarbeid med idretten sjølv.
- **auke det økonomiske tilskotet** til idrettslag i område med fattigdom og sosiale utfordringar.
- **at alle skolebarn skal ha minst 40 timer svømmeundervisning**, og at alle skoler skal ha tilgang til svømmehall.
- **ha romslege opningstider og lågare, subsidierte prisar** i svømmeanlegga.
- **etablere småskala-anlegg**, som klatreveggar og skateramper.<sup>[1]</sup>

## Friluftsliv<sup>[1]</sup><sub>[SEP]</sub>

Naturen i og rundt Stavanger gir gode og mange mogelegheiter for friluftsliv. Det er avgjerande å ta vare på naturen, som er sjølve grunnlaget for friluftslivet.

Friluftsaktiviteter må utførast på ein slik måte at naturområda og mangfaldet ikkje blir truga.

Det er eit behov for vedlikehald, rehabilitering og oppgradering av infrastruktur som turvegar, stiar, toalett og anna utstyr.

SV vil at Emmaus-huset på Storhaug skal bli brukt av friviljuge lag og organisasjonar, og at det kan blir brukt som forsamlingslokale. Bygget overførast frå KF Bolig til kommunen, og skal nyttast av friviljuge organisasjonar og lag.

## SV vil:

- **auke aktivitetstilskota til dei friviljuge friluftslivsorganisasjonane** for å etablere lågterskeltilbod til innbyggjarane.
- **styrke nettverket av stiar, løyper og sykkelvegar.**<sup>[1]</sup><sub>[SEP]</sub>
- **bygge ut sykkelvegar** i bygatene og framskynde bygging av eigne sykkelvegar.<sup>[1]</sup><sub>[SEP]</sub>
- **etablere fleire utandørs treningsanlegg** i parkane.<sup>[1]</sup><sub>[SEP]</sub>

## Internasjonal solidaritet

Stavanger skal vere ein kommune som er fri for rasisme og etnisk diskriminering og som ønsker å styrke sitt etniske og kulturelle mangfold. Stavanger kommune skal vere eit forbilde og etisk aktør som bidreg til å eliminere internasjonal menneskehandel, har eit næringsliv som ikkje trekker profitten til skatteparadis, og som aktivt støtter dei faglege, økonomiske og sosiale rettane til arbeidsinnvandrarane i kommunen. Stavanger skal stå i front internasjonalt i kampen mot atomvåpen, klimautslepp og andre globale farar som trugar menneskeslekta.

Sosial dumping er eit utstrakt problem på arbeidsplassar der mange har utanlandsk opphav eller er tilsett i vikarbyrå. Nesten ingen av desse er fagorganiserte, og dei har svært dårlige løns- og arbeidsvilkår.

Stavanger kommune er den største arbeidsgjevaren i kommunen, og ein stor kunde i landet for det private næringsliv. Dette gir mogelegheiter til å setje høge etiske standardar for resten av arbeidslivet. Kommunen er ein del av globaløkonomien, der transnasjonale storselskap leverer ein stor del av tenestene som blir brukt, samstundes som dei betaler minimalt med skatt til landet og kommunen.

Stavanger har fleire vennskapsbyar rundt i verda, og det er viktig å fortsetje eit godt samarbeid med desse. Særleg Nablus, Stavanger sin palestinske vennskapsby, vil SV styrke forholdet til.

### SV vil:

- **at Stavanger kommune skal ha ein generell etikkplan** for offentlege innkjøp av varer, tenester og i arbeidslivet. Planen skal bidra til at det internasjonale ansvaret kommunen har, blir etterlevd.
- **at leverandørar av varer til Stavanger kommune kan garantere at dei ikkje er produsert i okkuperte område**, til dømes i Palestina.
- **styrke forholdet til vennskapsbyane**, og særleg Nablus.
- **at Stavanger kommune støttar opp om BDS-konseptet** (boikott, de-investering og sanksjonar) som rettar seg mot selskap som tener på Israel sin okkupasjon av Palestina.
- **at Stavanger kommune skal stille etiske krav** ikkje berre til leveringar, men også til leverandørane og underleverandørar.
- **at Stavanger kommune skal kjempe mot sosial dumping.**
- **at Stavanger kommune ikkje skal gå inn på avtalar med, og ikkje ha fondsinvesteringar i selskap som har moder- eller søsterselskap i skatteparadis.**
- **at Stavanger kommune tar imot fleire flyktningar** og presser regjeringa til å ta ansvar for ein større del av den internasjonale flyktningestraumen.

- **at Stavanger erklærer kommunen for atomvåpenfri sone.** NATO-allierte skip som vil besøke Stavanger må deklarere kva for våpen dei har om bord. Om dei har atomvåpen, eller dei ikkje vil avlevere deklarasjon, skal dei ikkje få løyve til å leggje til hamner i Stavangerregionen.
- **at Stavanger støttar den internasjonale kampen mot Frihandelsavtalen for tenester (TISA),** som vil auke presset for privatisering av kommunale tenester. Stavanger må erklære seg som TISA-fri sone. Stavanger kommune må setje seg i mot føresegner som svekkjer kommunen som yter av offentlege tenester.

## Eit styrka folkestyre

For SV er styrking og utviding demokratiet grunnleggjande. I dag opplever for mange at dei ikkje har påverkand på avgjersler som gjeld dei. Lokaldemokratiet skal gi nærleik mellom innbyggjarane og dei som tek avgjerslene. SV vil ha meir demokrati i kommunen. Innbyggjarane må sjølv få ta direkte del i viktige demokratiske avgjersler.

SV vil fortsetje arbeidet med å gjere kommunen meir open og gjennomsiktig. Budsjett og kommunale dokument skal være forståelege, og folk skal ha innsyn. Folk skal nå fram, kvarlagsproblema skal løysast og vedtak som er fatta skal følgjast opp. Kommunen må legge til rette for debatt ved å styrke felles arena i kommunen. Heimesidene i kommunen og kontoar i sosiale media skal engasjere innbyggjarane og gi god informasjon om det som skjer i kommunen.

Stavanger må være ein kommune der utviklinga blir styrt aktivt gjennom demokratiske og politiske prosessar, saman med innbyggjarane. Dei som bur i Stavanger må bli invitert enda meir aktivt med i diskusjonar om korleis kommunen skal bli forma. Det må skje gjennom demokratiske prosessar og ikkje berre bli overlèt til faginstansar og eigedomsspekulantar.

### SV vil:

- **prøve ut deltagande budsjettering.** Innbyggjarane får styre direkte delar av kommunebudsjettet i bydelane.
- **legge til rette for at alle innbyggjarar får sterkare mogelegheit til å påverke avgjerslene** gjennom bydelane sine budsjettprosessar.
- **arbeide jobbe for ein representativ fordeling i lokalpolitikken** med tanke på kjønn, etnisitet, etc.
- **styrke makta til kommunedelsutvala.** SV vil arbeide for at det blir direktesval til kommunedelsutvala.